

Samandrag

Ei kvantitativ undersøking av 47 vaksne andrespråksinnlærarar av norsk. Ei kontrollgruppe samansett av 46 morsmålsbrukarar av norsk tente som samanlikningsgrunnlag. Målet med undersøkinga var å finne ut i kva grad andrespråksinnlærarar av norsk forstår idiomatiske uttrykk i andrespråket deira, altså norsk. Deltakarane svara på eit spørjeskjema beståande av tjue spørsmål om idiom i en kontekst. Spørjeundersøkinga inneheldt òg spørsmål om informantane sin språklege bakgrunn: Snakka dei andre språk, kor lengje dei hadde opphalde seg i Noreg og kor lengje dei hadde studert norsk. Alle var i mellomtid på same nivå i norskinnlæringa. Det var tjuesju ulike førstespråk blant informantane, noko som gav stor variasjon av lingvistisk bakgrunn, men det var to større grupper med seks og åtte informantar med same førstespråk: Tysk og russisk. Mindre morsmålsgrupper hadde høgst tre deltakarar. Andre grupper som forma seg basert på morsmål hadde opp til tre språkbrukarar. Resultata synte at forståinga til informantane varierte både mellom dei ulike språkgruppene og innan kvar av dei større gruppene. Undersøkinga stadfesta hypotesane om at andrespråksinnlærarane i stor grad støtta seg til konteksten når dei skulle tolke idioma, og at idioma sin grad av transparentheit var avgjerande for kor godt informantane forstod uttrykka. Eit anna trekk som utpeika seg var den tydeleg skilnaden på resultata til dei fleirspråklege og eittspråklege informantane. Intralingvistisk samanlikning i dei større språkgruppene peika mot rolla som fleirspråklegheit når ein tileignar seg eit nytt språk. Samstundes tyder samanlikning av dei ulike språkgruppene på at avstanden – den kulturelle eller lingvistiske – mellom første- og andrespråket har ein del å seie for kor lett innlærarane tolka idioma i andrespråket rett.

Abstract

A quantitative study with 47 adult second language learners of Norwegian as informants. A control group consisting of 46 native speakers of Norwegian served as basis for comparison. The aim of the study was to investigate the degree of idiom comprehension second language learners of Norwegian had of idioms in their second language, Norwegian. The participants answered a questionnaire containing twenty questions about idioms in a context. The survey also contained questions about the informants' linguistic background: Any other languages they spoke, their length of stay in Norway and for how long they had studied Norwegian. All of the informants were at the same level in their Norwegian training, however. There were twenty-seven different first languages among the informants, which gave a large variation of linguistic background, but there were two larger groups containing six and eight speakers with the same first language: German and Russian. Smaller native groups had a maximum of three participants. The results showed that the informants' comprehension of the idioms both varied between the different language groups and varied within each of the larger language groups. The study confirmed the hypothesizes that second language learners rely heavily on the support from the context when interpreting an idiom, and that the idioms' degree of transparency was decisive for how easily the informants interpreted the expressions. Another result that came to surfaced was the obvious gap between monolingual and bilingual learners in understanding the idioms. Intralinguistic comparison in the larger language groups pointed towards the role of multilingualism in acquiring a new language. At the same time, a comparison of the different language groups indicates that the distance – cultural or linguistic – between the first and second language matters in how easily the learners interpreted the second language idiom successfully.

Forord

“We have the ability to speak in riddles... we call these special riddles idioms”

– Anna B. Cieślicka (2015, s. 208).

Kan alle tyde desse gâtene? Kva skjer viss ein ikkje kan tyde dei? Er det skilnad på kvar gâte kor lett eller vanskeleg dei er å tyde? Desse spørsmåla og fleire til dukka opp etter kvart som eg byrja å lese om idiom; den plassen dei har i språket, både det skriftlege og det munnlege, er større enn eg var klar over. Di meir eg las om desse uttrykka, di større vart interessa for dei. Eg fann ut at me brukar dei så lett i språket at me ikkje ein gong tenkjer over det – og at ikkje alle i språksamfunnet finn svara på desse gâtene med like lite strev.

Arbeidet med denne masteroppgåva går mot slutten, og mange har hjelpt meg på vegen. Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Kristin Melum Eide, som med sitt engasjement for både figurativt språk og andrespråkslæring gjorde meg merksam på utfordringane idiomatiske uttrykk byr på for andrespråksinnlærarar; som overtydde meg om at det var både eit spennande og interessant emne å skrive oppgåve om, delte av sin kunnskap og erfaring, og sette meg i kontakt med nøkkelpersonar for at gjennomføringa av studien skulle vere mogleg. All hjelp, tilbakemeldingar og dytt ho har gjeve har på alle måtar gjort arbeidet med denne oppgåva til den beste skriveopplevelinga av i løpet av studiet. Eg vil også rette ein stor takk til Mila Vulchanova for innspel til artiklar, kategorisering av idiom og kontrollgruppeundersøkinga. Takk til Dave Kush for deltaking i pilotundersøkinga og for alle tilbakemeldingar og tips til forbetringer i etterkant.

Takk til forelesarane Sissel Vuttudal Robbins, Cecilie Slinning Knudsen, Madaleine Kneringer Foss ved norskkursa, Heidi Brøseth og Silje Warberg ved Institutt for språk og litteratur for at eg fekk bruke av undervisingstida dykkar til å gjennomføre undersøkingane. Tusen takk til dei 47 andrespråksinnlærarane og 46 morsmålsbrukarane av norsk som deltok i undersøkinga; utan dykk hadde dette vore ei stutt oppgåve.

For den urokkelege trua dei har hatt på meg, seier eg takk til familien min; dei har hjelpt meg stort til å stå løpet ut – og særleg takk til mormor, min faste samtalepartnar om språk, for mange samtalar over telefon om idiom og språklege formuleringar.

Til mine tospråklege vener vil eg seie tusen takk for den tida dei sette av til å svare på spørsmål eg hadde om ekvivalente idiom i deira morsmål. Dei letta arbeidet for meg noko heilt enormt! Tusen takk til venebåde på og utanfor NTNU for å ha gjort prosessen med denne oppgåva til eit mindre einsam tilvære – stundene med kaffi og kanelbolle var gull verdt. Ein stor takk går til Elise Sandstedt for korrekturlesing og språkvask av oppgåva.

Hanne Hammerseth: Ho fortener eit eige avsnitt for alle samtalar, all tid og all støtte i denne både interessante, morosame og slitsame tida. Ingen har kjent så mykje på både min frustrasjon og iver for dette arbeidet, og ingen har løfta meg opp – både bokstaveleg og biletleg – like ofte som ho. Ikkje minst fortener ho takk for å ha brukt tid i si eiga masterskriving på å lage framsida! Eg er freista til å påstå at utan henne hadde masterarbeidet vore min sjiraff i Kina.

Trondheim, mai 2018
Berit Tiller Lundsauonet

Innhaldsliste

Samandrag

Abstract

Forord	I
1 Innleiing	1
2 Teoretisk rammeverk	3
2.1 Andrespråkslæring.....	3
2.2 Karakteren til idiomatiske uttrykk og prosessering av dei	6
2.2.1 Idiom – karakteristikk	6
2.2.2 Transparentheit og komposisjonalitet	7
2.2.3 Idiom i andrespråk.....	9
2.2.4 Frekvens og salient tyding.....	12
2.2.5 Kontekst	13
2.3 Funksjonen til idiom i språket	13
3 Metode og empiri	15
3.1 Val av metode	15
3.1.1 Spørjeskjemaet	17
3.1.2 Pilottest.....	19
3.2 Val av informantar.....	20
3.2.1 Informantane	20
3.2.2 Kontrollgruppe	21
3.3 Gjennomføring av undersøkinga	22
3.4 Vurdering av eigenformulerte svar.....	22
3.5 Forholdsreglar og potensielle feilkjelder	23

4	Resultat og diskusjon	25
4.1	Generelle trekk	26
4.2	Idioma i undersøkinga	27
4.2.1	Idioma flest forstod	28
4.2.2	Idioma flest hadde vanskar med.....	29
4.2.3	Idioma i grenseland	31
4.3	Språkgrupper som skilde seg ut.....	34
4.3.1	Tyskarane	34
4.3.2	Russarane	35
4.3.3	Engelskmennene.....	36
4.3.4	Grekaren	36
4.4	S1-påverknad og flere språk	37
4.5	Svar og variablar.....	39
4.5.1	Eigenformulerte tolkingar	40
4.5.2	Gjetting og ikkje-svar.....	41
4.5.3	Input frå litteraturen	43
4.5.4	Studietid og oppholdstid	45
	Konklusjon	47
	Forslag til vidare studie	51
	Referanseliste	54
	Vedlegg	

Kommentar til framsida: Biletet skal illustrere kva som går føre seg i hovudet til ein S2-innlærar idet han eller ho møter eit S2-idiom (eit generelt såleis, ikkje eit spesielt). Innlæraren prøver ut ulike strategiar for å prøve å gje meining til uttrykket. Omgjevnaden (marknad) symboliserer konteksten som uttrykket skal passe inn i. Viss dei ulike strategiane innlæraren nyttar seg av ikkje fører til rett tolking av idiomet, kan det verke like absurd som ein sjiraff vandrande rundt på ein marknad i ein by i Kina.

1 Innleiring

Den frekvente førekomensten av idiom i daglegspråket gjer at evna til å fatte slike uttrykk er essensiell for ein andrespråksinnlærar av norsk. For det første har idiom ein viktig pragmatisk funksjon i språk. Å lære eit språk er ikkje berre å tilegne seg eit lingvistisk system og kjenne tydinga til kvar enkelt leksikalske eining. Språk førekjem alltid i ein kontekst, og saman med ein språkbrukar sin metalingvistiske kompetanse, vil kulturell bakgrunn og kjennskap til verda tene som bakgrunn for hans forståing av språk.

Kompetansen på eit språkområde, som t.d. idiomatiske uttrykk, er viktig, syner undersøkingar gjort av Gass og Selinker (2001, som sitert i Singstad, 2014, s. 2). Dette er av di morsmålsbrukarar gjerne synest at leksikalske feil er meir forstyrrande enn grammatikalske feil. Vulchanova, Vulchanov og Stankova (2011) foreslår at dei metalingvistiske evnene til ein språkbrukar, saman med andre faktorar, som eksponering av input, påverknad frå kontekst og tekstforståing generelt, speler ei viktig rolle i idiomtileigning og forståing.

Abrahamsson og Hyltenstam (2009, s. 279) meiner at både morsmålsbrukarar og andrespråksbrukarar nyttar seg av ferdigformulerte språklege bitar tidleg i språklæringa. For avanserte andrespråksinnlærarar verkar det paradoksalt nok som om idiomatisk bruk av språk på fiksert form er «the biggest stumbling block to sound nativelike.» paradoksalt nok er språk på fiksert form brukt idiomatisk. Men performanse som Abrahamsson og Hyltenstam snakkar om, er ikkje det same som den kompetanse i eit språk. Chomsky (1965) skilde mellom dei ved at kompetanse er den medvitne og umedvitne kunnskapen om språket, medan performanse er språkbrukaren si utøving av denne kunnskapen (Ellis, 1994). Det er altså ein skilnad på kva ein kan og kva ein veit.

Med utgangspunkt i Abrahamsson og Hyltenstam sitt fråsegn og den ovannemnde skilnaden, vart problemstillinga for oppgåva «kor godt forstår andrespråksinnlærarar av norsk idiom i det norske språket?» Med utgangspunkt i Cieślicka (2015) sine teoriar og modellar for idiomprosessering hjå andrespråksinnlærarar kom eg vidare fram til følgjande to hypotesar:

«kor transparente idioma er har mykje å seie for kor godt innlærarane forstår dei» og «innlærarane nyttar seg i stor grad av konteksten når dei skal tolke dei norske idioma».

For å finne svar på problemstillinga vil eg gjennomføre ei spørjeundersøking med informantar som lærer norsk som eit andrespråk¹. Med undersøkinga ønsker eg å finne svar på om informantane *forstår* norske idiom i ein naturleg kontekst – det er altså den reseptive kompetansen eg ønsker å undersøke. Årsaken til at eg vil undersøke den reseptive, og ikkje den produktive kompetansen, er at viss idiom er noko av det siste ein andrespråksinnlærar lærer, går han lenge glipp av mykje informasjon i samtalar og tekst som vert gjeven frå slike uttrykk. Derimot kan det hende at innlærarane *forstår* idioma sjølv om dei ikkje produserer dei i tale eller tekst, og altså forstår den informasjonen uttrykka inneheld. I det følgjande vil eg presentere det teoretiske rammeverket for oppgåva: Tileigning av språk, og då særskild andrespråkstileigning; definisjonsproblematikken kring idiom og karakteristikken ved faktorar som spelar inn når ein skal forsøkje å tolke desse figurative uttrykka, før eg gjer greie for metode og empiri nytta i oppgåva. Til slutt vil eg presentere resultata og diskutere desse, før eg avslutningsvis presenterer konklusjonen. Litteraturen referert til i det teoretiske rammeverket peiker mot diskusjonen av resultata og konklusjonen.

¹ Definisjon av andrespråk kjem i kapittel 2.

2 Teoretisk rammeverk

2.1 Andrespråkslæring

Andrespråkslæring (ASL) refererer til den prosessen eit individ går gjennom for å tilegne eit tilleggsspråk etter hans eller hennar morsmål. Morsmålet, eller førstespråket (S1), reknast som det eller dei språka ein tileignar seg frå fødsel og i løpet av tidleg barndom – det er vanleg å setje ei grense ved treårsalder (Berggreen og Tenfjord, 1999). Alle språk ein lærer innanfor dette tidsrommet reknar ein som morsmål, og tospråklegheit² før treårsalder kjem såleis under kategorien førstespråkslæring. Skilnaden ein gjer mellom første- og andrespråkslæring skuldast resultatet dei gjev: Førstespråkslæring i normale tilfelle lukkast alltid, medan ASL sjeldan resulterer i innfødtlik kompetanse (Berggreen og Tenfjord, 1999, s. 54). Bley-Vroman (1989, som sitert i Abrahamsson og Hyltenstam, 2009, s. 251) meiner om dei sjeldne tilfellene kor ein vaksen innlærar av eit andrespråk (S2)³ oppnår eit morsmålslikt resultat, at dette «could be given the same pathological status as the exceptional phenomenon of failure in L1 acquisition». Singstad (2014, s. 3) meiner at ein såleis kan seie at utfallet ved normal S1-læring og S2-læring er reversert, då om lag ein like stor del av S1-innlærarar som mislukkast er like stor som delen av S2-innlærarar som lukkast heilt. Singstad peiker mot Selinker (1972), som meiner at denne «avvikande» delen er fem prosent. Ei undersøking gjort av Abrahamsson og Hyltenstam (2009) syntet derimot at medan det er *mogleg* for ein vaksen innlærar å tilegne seg eit S2 morsmålslik, er Selinker sitt estimat sterkt overdrive. Lenneberg formulerte ein hypotese som søkte å forklare dette, nemleg hypotesen om ein kritisk periode for språklæring, basert på alderen for når ein byrjar innlæringa av eit språk.

² I oppgåva nyttar eg omgrepene tospråkleg/fleirspråkleg og bilingval om einannan. Likeins nyttar eg eittspråkleg og monolingval om einannan

³ S2 står for språk to, men nemninga vert likevel ofte nytta om alle språk ein tileignar etter morsmålet/morsmåla, og kan dermed referere til språk to, språk tre, språk fire osv. I denne oppgåva kjem eg til å nytte S2 om alle språk utover det språket som utgjer morsmålet.

Hypotesen om kritisk periode er sentral i ASL-forsking, og språkforskjarar er ueinige i om det finst berre éin kritisk periode, eller om det finst fleire for ulike aspekt ved språklæringa. Hypotesen vart først introdusert av Penfield og Roberts. Dei påstod at hjernen til barn har ei biologisk klokke som styrer når innlæring av språk lyt skje for at språklæringa skal lukkast (Eide 2015:37). Denne plastisiteten som gjer at barn har evna til å tileigne seg språk nærmast instinktivt vert gradvis svekka, og er merkbart därlegare så tidleg som ved niårsalderen. Det er likevel Lenneberg som gjorde hypotesen populær blant språkforskjarar med boka *Biological foundations of language* (1967, som sitert i Singstad, 2014, s. 3). Her foreslo han at slutten for den kritiske perioden for språklæring fell saman med at puberteten byrjar (*ibid.*). Etter denne alderen forsvinn automatikken ved språklæringa, og sannsynet vert dermed mykje mindre for at ein kjem til å snakke eit S2 innfødtlikt viss ein startar å lære det no (Eide, 2015, s. 38). Bley-Vroman (1989, som sitert i Abrahamsson og Hyltenstam, 2009, s. 251) meiner at som ein konsekvens av mangelen på dei lingvistiske domenespesifikke prinsippa som styrer S1-tileigninga til barn, så kjem vaksen S2-tileigning berre frå kognitive⁴ læringsstrategiar. Dei kognitive, sosiale og psykologiske faktorane vaksne innlærarar må kompensere for denne mangelen med, indikerer ein stor skilnad på S1- og S2-tileigning (Singstad, 2014). Nyare forsking tyder på at viss det finst ein kritisk periode, så er grensa ved puberteten for høg, og at grensa truleg ikkje utgjer eit abrupt fall ved ein bestemd alder, men utgjer ei gradvis fallande kurve frå fødsel og til vaksen alder (Eide, 2015, s. 40).

Forskarar som avviser teorien om at språk er ein medfødt mekanisme (sjå t.d. Geoffrey Sampson 1978; 2005), påstår på den andre sida at tilegningsprosessen for S1 og S2 er den same. Anten det er eit første- eller andrespråk, er det miljøet til innlæraren som er essensielt for språktileigninga (Ryen, 2005, som sitert i Singstad, 2014, s. 3). Ei alternativ forklaring til alder og biologi som årsakene til at slutresultata av S2-innlæring er annleis enn av S1-innlæring, er den sosiale faktoren. Som S1-innlærar er hensikta med å lære språket kommunikasjon. Kommunikasjon er målet ogso for ein S2-innlærar, men trongen og hensikta for bruken kan likevel vere annleis. Den rolla som S2 kjem til å ha i innlæraren sitt liv er ein faktor som kan påverke resultatet av språktileigninga (Selinker, 1992 som sitert i Singstad, 2014, s. 4).

Dei to hovudtilnærmingane til korleis menneske tileigner seg språk reflekterer arv og miljø-debatten. Chomsky og den generative tradisjonen meiner at menneske har ei medfødt

⁴ Kognitive evner er hjernebaserte ferdigheiter vi treng for å utføre alt frå dei enklaste til dei mest komplekse oppgåver: persepsjon, merksemd, minne, motoriske ferdigheiter, språk, visuell og romleg prosessering (Michelon, 2006).

språkevne som er årsaken til at barn kan lære språk (Eide og Åfarli, 2003). Basert på teorien til Chomsky om den universelle grammatikken, *UG*, vert det grammatikalske «brytarpanelet⁵» stilt inn slik at grammatikalske strukturar vert etablert i løpet av S1-tileigninga til barn. Når ein tileigner seg eit S2, kan det at brytarane allereie er stilt inn forklare nokre av vanskane med å tilegne seg språket fullstendig (Eide og Busterud, 2015). Brytarpanelet er altså koda etter mønsteret av lyder og grammatikk i S1, og denne kodinga påverkar evna til seinare i livet å lære språk som avvik frå morsmålet. Kognitive tilnærmingar, i motsetning til dei generative, forklarer evna til å tilegne språk basert på generelle læringsmekanismar og kognitive prosessar (Sveen, 2005, som sitert i Singstad, 2014, s. 4). Trass i usemje om korleis menneske tileigner seg språk, erkjenner både leirane viktigheita av interaksjonen/kontaktflata med S2 når det gjeld transfer.

Transfer er språklege fenomen overført frå S1 (eller andre språk innlæraren tidlegare, kanskje delvis, har tileigna seg) til kunnskapssystema til S2 som innlæraren freistar å byggje (Berggreen og Tenfjord, 1999, s. 204). Når resultatet av ei slik overføring vert feil, kallar ein det for negativ transfer. Positiv transfer er når resultatet samsvarer med norma for målspråket. Sidan positiv transfer resulterer i vellukka produksjon i S2 legg ein stort sett ikkje merke til det, av di det lett kan passere som at innlæraren har tileigna seg det aktuelle trekket i S2 – og generelt, di likare to språk er, di meir kan innlæraren dra nytte av positiv transfer. Avstand mellom to språk kan vere både eit lingvistisk fenomen⁶ og eit psykotypologisk fenomen⁷ (Ellis, 1994), og det er skilnad på på kva måte forskrarar meiner avstanden mellom S2 og S1 påverkar transfer: på den eine sida meiner nokre (t.d. Ringbom (2007)) at transfer av tidlegare kunnskap ikkje skjer når det er stor avstand mellom språka, medan nokre (t.d. Kellerman (1977)) på den andre sida meiner at transfer skjer avhengig av innlæraren sin *persepsjon* av avstanden mellom S1 og S2. Det er denne persepsjonen av avstand – heller enn faktisk lingvistisk avstand – som forhindrar eller utløyser transfer (Kellerman, 1977, som sitert i Ellis, 1994, s. 328). Transfer kan også førekome på ordnivå i språket ved det ein kallar «falske vener». Wibe (2010) definerer falske vener som ord som ein skriv tilnærma likt på to

⁵ Ein kan tenke på språkevna som eit komplekst og intrikat nettverk ein kan assosiere med eit brytarpanel kor brytarane må stå i ein av to posisjonar for å fungere. Kvart språk har ei eiga innstilling av brytarane – ei innstilling av parametrane (Chomsky, 1988; 1997 som sitert i Eide og Busterud, 2015, s. 32). UG hjelper barnet ved at den sikrar at relativt lite evidens må til for at ein brytar stillast i posisjonen som er riktig for målspråket. For det andre hindrar UG barn konstruerer grammatikk som er i konflikt med UG, såkalla «wild grammar» (Ellis, 1994, s. 435).

⁶ Lingvistisk avstand er den strukturelle skilnaden mellom språk. Språka er altså ulike dei andre reint språkleg, t.d. norsk, finsk og kinesisk (Riksem, 2013, s. 8).

⁷ Psykotypologi er dei oppfatningane ein språkbrukar har gjeldande likskapar og skilnader mellom språk (Kellerman, 1977, som sitert i Ellis, 1994).

språk, men som har heilt eller delvis ulik tyding. På ordnivå t.d. «semester» og «bedrift» falske vener i norsk og svensk, og t.d. «time» og «argument» i norsk og engelsk. I slike tilfelle vil altså overføring av tydinga frå omgrepene i S1 til omgrepene i S2 leie til transfer-feil på ordnivå.

2.2 Karakteren til idiomatiske uttrykk og prosessering av dei

2.2.1 Idiom – karakteristikk

Idiom er multiorduttrykk kor tolkinga ikkje er bokstaveleg, som tyder at ein ikkje kan tolke uttrykka ved å bruke vanlege komposisjonelle prosessar. Såleis krev dei at språkbrukaren kan «gå forbi» den bokstavelege tolkinga, for å slutte seg til den kommunikative intensjonen til talaren (Chahboun, Vulchanov, Saldaña, Eshuis og Vulchanova, 2016, s. 2).

Mykje forsking har forsøkt å definere idiom og skildre karakteristikkane til desse formulariske sekvensane. Idiom er obskure, og følgeleg vanskeleg å karakterisere nøyaktig, og fagfolk er ikkje einige om éin definisjon av idiom (Majuri *et al.*, 2014, s. 9). Her i ligg at for nokre lærde dekker termen *idiom* metaforar, «similes», proverb og ogso individuelle ord, medan andre er mykje strengare i definisjonen (*idib.*). Tradisjonelt har ein sett på idiom som daude, frosne metaforar med veldig streng toleranse for variasjon og «whose roots of figurativeness» ikkje kan avleidast (*ibid.*). Variasjonar som idiom «tillèt» er mellom anna i tempus, av di idiom med verb må kunne temporalt tilpassast konteksten.

Idiomatiske uttrykk er blant dei vanlegaste og mest populære formane for figurativt språk brukt i dagleg interaksjon (Chahboun *et al.*, 2016, s. 2). Dei har dermed tiltrekt seg merksemd både på teoretisk og empirisk område. Chahboun *et al.* meiner at ei av årsakene er at slike uttrykk ikkje kan bli plassert direkte i ein gammal-eksikon-dikotomi i språket. På den eine sida, ved å følgje tanken om at ein må tilegne seg og lagre dei på same måte som leksikalske einingar, kan ein anta at dei vert lagra og henta oppatt frå det mentale eksikonet⁸. På den andre sida talar den komplekse strukturen for at dei kan verte prosessert på same måte som strukturane generert av grammatiske (ibid.).

⁸ Det mentale eksikonet er ei ordliste med ordtydingar og (truleg) ordformer i prinsipp- og parameterteorien (Altmann, 2009).

2.2.2 Transparency og komposisjonalitet

Nunberg, Sag og Wasow (1994, som sitert i Cieślicka, 2015, s. 213) definerer transparencyt, eller gjennomsiktigkeit, som i kva grad ein kan uteleie den opphavelege metaforiske motivasjonen til eit idiomatisk uttrykk frå den bokstavelege analysen av uttrykket (t.d. *gå på tynn is*). Viss idiomet er transparent kan ein altså skjøne kva for opphav idiomet har; den bokstavelege tydinga heng tydeleg saman med den figurative tydinga. I ikkje-transparente, eller opake, idiom (t.d. *gjere nokon ei bjørneteneste*) er det vanskelegare å sjå samanhengen mellom den bokstavelege forma og den figurative tydinga. Idiom er gjerne gamle uttrykk (t.d. *katta i sekken* frå 1300-talet, og *gjere nokon ei bjørneteneste* frå 1600-talet⁹), og den opphavelege metaforiske motivasjonen står ikkje nødvendigvis fram like tydeleg og naturleg i dag som då uttrykket vart teke i bruk. *Vere høg i hatten* stammar til dømes frå den tida då menn gjekk med flosshatt (Hegge, 2007), og høg hatt tydde solid sosial status, som vidare førte til høg sjølvtillit. I dag er statusaspektet borte, og uttrykket tyder berre å vere sjølvsikker og å ha høg sjølvtillit.

Majuri (2014) deler dette transparentitetstrekket i semantisk transparente, semi-transparente og opake idiom. Semantisk transparente idiom er idiom der biletet den bokstavelege meininga skapar tydeleg heng saman med den figurative tydinga. Semi-transparente idiom har ein komponent som koplar den bokstavelege og figurative tydinga saman utan at denne koplinga vert like openbar som i transparente idiom. I opake idiom har ikkje den bokstavelege og figurative tydinga noko med kvarandre å gjere (Majuri, 2014, s. 15). Transparente idiom er lettare å tolke sjølv om dei er ukjende for S2-innlærarar, viste ein studie av Skoufaki frå 2008 (i Cieślicka, 2015, s. 217).

Det mest brukte kriteriet for å definere idiom er at ein ikkje kan føreseie meininga frå den bokstavelge meininga til komponentane i uttrykket (Majuri, 2014, s. 10). *Semantisk dekomposisjon*, eller *semantisk analyserbarheit*, omhandlar i kva grad dei individuelle komponentane i eit idiom bidreg til den samla figurative tolkinga (Cieślicka, 2015, s. 213). Idiom vert tradisjonelt rekna for å vere ikkje-komposisjonelle. Dei ulike komponentane av idiomet seier altså ikkje kvar for seg noko om kva den figurative tolkinga er. Til dømes *brenne alle bruer* kan vere komposisjonelt av di dei individuelle komponentane bidreg til å forstå den figurative tydinga; «brenne» korresponderer med «øydeleggje» og «bruer» med «koplingar». Å få tak i nøkkelord i slike uttrykk kan altså leie til aktiveringa av den aktuelle

⁹ *Bjørneteneste* stammar frå Jean de La Fontaine sin fabel «L’Ours et l’Amateur des jardins» (SagaBlott.no, 2015).

figurative tydinga (Vulchanova og Vulchanov, 2017). Til samanlikning korresponderer ikkje komponentane i *sitje med skjegget i postkassa* på same måte med tydinga å mislukkast eller å ta konekvensen av ein eller annan sin tabbe (gjerne sin eigen).

Som nemnd vert idiom tradisjonelt halde for å vere ikkje-komposisjonelle, men undersøkingar har ifølgje Majuri (2014) synt at i mange idiom bidreg dei individuelle komponentane konsekvent til den totale metaforiske tydinga. T.d. har ikkje komponentane i idiomet *gravleggje stridsøksa* ei direkte kopling med elementa i denotasjonen til idiomet – ein kan ikkje seie at «stridsøksa» refererer til «ueinigheit/krangel», og «gravleggje» til «å avslutte ueinigheita/krangelen» - men å vite at gravlegging av stridsøksa kan vise til avslutting av ein kamp/strid, kan hjelpe oss å oppfatte idiomet i det minste som semi-transparent (ibid.).

Sjølv om transparentheit og komposisjonalitet skildrar ulike aspekt ved idiom, heng dei saman. Cieślicka (2015) påpeiker dette: «In general, people tend to view transparent idioms as more decomposable» (s. 213), og det hender at dei to karakteristikkane ved idiom forvekslast. Likevel kan idiom ifølgje Cieślicka (2015) vere transparente og ikkje-komposisjonelle, eller opake og komposisjonelle. Majuri (2014, s. 15) kallar sistnemnde type idiom for abnormalt komposisjonelle idiom.

Vulchanova, Vulchanov og Stankova (2011) kategoriserer idiom etter andre kriterium, nemleg om dei er biologisk eller kulturelt baserte. Desse kategoriene er inspirert av ideen om djup bakgrunn – den menneskebiologiske naturen – sett opp mot lokal bakgrunn – lokalkulturelle praksistar. Skilnaden på dei to kategoriene er at medan biologiske idiom er avleia frå den menneskelege erfaringa og interaksjonen med omgjevnadene, og har ein tendens til å vere meir transparente og meir tilgjengelege for komposisjonell analyse, er kulturelle idiom meir særeigne for ein kultur, varierer gjerne mellom ulike kulturar, og er generelt mindre transparente enn biologiske idiom (ibid.). Vulchanova, Vulchanov og Stankova (2011) trekker fram England og Noreg – som båe er fiskarkulturar – som døme: det engelske idiomet *red herring* (bokstaveleg: «Raud sild») har ekvivalenten *på bærtur* i norsk. Deira utviklingsstudie av idiomforståinga i førstespråk synte mellom anna at alle informantgruppene, som bestod av barn i ulike aldrar, forstod biologiske idiom best, medan dei kulturelle idioma representerte dei idioma informantane hadde størst vanskar med (i studien opererte dei også med ein kategori dei kalla «instructive idioms»). Dette var ifølgje forskarane ikkje overraskande, sidan kulturelle idiom er kategorien med størst variasjon på tvers av språk, med mindre transparente idiom og med idiom som har mindre tydeleg opphav,

t.d. ved at dei gjerne har røter i gamaldagse kulturelle praksisar (Vulchanova, Vulchanov og Stankova, 2011, s. 218).

2.2.3 Idiom i andrespråk

Idiom har fått mykje merksemd i figurative språkundersøkingar mellom anna av di dei består av meir enn eitt ord, og deira tydingar «do not depend on the literal meanings of their parts» (Majuri, 2014, s. 4). Tvert i mot opererer dei som enkelteiningar. Det er forska ein del på korleis idiomtileigning og –prosessering går føre seg hjå innfødde språkbrukarar i deira S1; forsking på *vokabular* i S2 har auka enormt dei siste tretti åra, men idiomtileigninga har ikkje fått like mykje merksemd på andrespråksfeltet (Majuri, 2014). Den forskinga som er gjort har i mellomtid synt at prosessane som går føre seg og teknikkane språkbrukarane nyttar seg av ikkje alltid samsvarer for S1-brukarar og S2-brukarar.

Idiomatiske uttrykk er ifølgje Cieślicka (2015) trass alt ein del av det leksikalske repertoaret til S2-innlæraren, og kan sjåast på som eit særeiget tilfelle av lange ord. Mange studie av ordtileigning i S2 (sjå Cieślicka, 2015, s. 214 for døme) legg vekt på rolla som S1 speler i utviklinga av S2-leksikon med omsyn til omgrep og leksikalske system. Ifølgje studie Cieślicka nemner, vil S2-innlærarar truleg setje sin lit til dei leksikalske og omgrepsmessige nettverka dei allereie har etablert i sitt S1.

Den forskinga som er gjort av idiomtileigning i andrespråkslæring har ført til nokre teoriar som kan gje innsikt i korleis andrespråksinnlærarar prosesserer figurativt språk. Cieślicka (2015) tek føre seg fleire av desse teoriane og modellane, og eg vil i det følgjande gje ei oversikt over nokre av desse. Den første modellen er *Competition Model*, som ser på S2-leksikonutvikling som sterkt parasittisk på S1; modellen har lenge hatt støtte innan lingvistisk forsking, og halde for å vere den mest sannsynlege modellen (Cieślicka, 2015, s. 214). I dette synet er initialreferenten til ei ny eining i S2-vokabularet ein omgrepsmessig parasittisk struktur til det ordet i S1 som korresponderer mest. Med dette meiner ein at eit nytt tileigna S2-ord ikkje er representert av ei eiga tyding, men kvilar i staden på den omgrepsmessige strukturen i S1. Slike S1-baserte representasjonar vert gradvis erstatta etter kvart som innlæraren etablerer S2-omgrepsmessige representasjonar og han utviklar direkte koplingar mellom S2-ordformer og deira korresponderande S2-konsept.

Ein studie av Matlock og Heredia (2002, som sitert i Cieślicka, 2015), støttar den parasittiske hypotesen med omsyn på idiomtileigning i S2. Studien måla kor lang tid det tok monolingvale og bilingvale å fatte setningar med samansette verb brukt idiomatisk og

bokstavleg som verb + preposisjon. Matlock og Heredia påstod at «less advanced» S2-innlærarar først omsette S2-idiomet til S1, for så å prøve å få det til å gje mening, før dei fekk tilgang til den figurative tydinga. S2-innlærarar på eit meir avansert nivå meinte Matlock og Heredia at kunne prosessere idiomatiske uttrykk ved å hente fram den figurative tydinga direkte. Dessutan, di likare eit S2-idiom er til sitt morsmålsmotstykke, di lettare vil det vere for innlæraren å forstå og lære via den parasittiske strategien ved å overføre idiomet direkte til S1-konseptet som korresponderer til ord-for-ord-omsettinga av det. På den andre sida vil ikkje den S1-baserte parasittiske strategien vere til hjelp for å finne den figurative tydinga viss S2-idiomet manglar leksikalsk og omgrepsmessig motstykke i S1. I slike tilfelle vil innlæraren truleg ty til delvis analysering av idiomet i eit forsøk på å avgjere den figurative tydinga eine og åleine frå den bokstavelege analysen. I kor stor grad idiomet er omsetteleg, eller har tverspråkleg overlapp, har vist seg å spele ei viktig rolle i S2-idiomprosessering, med melding om at like idiom er lettare å forstå enn ulike idiom, men også meir tilbøyelige til å bli utsette for negativ transfer frå S1 i produksjonsoppgåver (Cieślicka, 2015, s. 216).

Neste modell for korleis ein S2-innlærar prosesserer S2-idiom, er *Idiom Diffusion Model of Second Languages*. Denne modellen foreslår at forståinga av idiom skjer i to trinn. I det første trinnet, føreseeingstrinnet, konstruerer innlæraren eit tal hypotesar om S2-idiomet sine figurative tolkingar. Hypotesane som vert konstruert i føreseeingstrinnet vil variere avhengig av graden av transparentheit til idiomet, den semantiske avstanden det har til det korresponderande S1-idiomatiske uttrykket og nærværet av ein støttande kontekst. I fråværet av kontekst, kviler tolkinga eine og åleine på den bokstavelege analysen av komponentane idiomet består av.

S2-idiom med identisk S1-ekvivalent omtalar ein som idiom på *leksikalsk nivå*. Desse er lettast å forstå, sidan innlæraren kan vise til S1-leksikalske oppslagsord og tolke idiomet gjennom eit eit-til-eit-samsvar mellom S2-uttrykket og det korresponderande S1-uttrykket (t.d. *ta tyren ved horna* = *take the bull by the horns*). Altså er konteksten unødvendig for å forstå idiom på leksikalsk nivå. Å tolke idiom som er litt annleis enn S1-ekvivalentar krev meir kognitivt arbeid og litt kontekstuell støtte. Slike idiom seier ein at er på *semi-leksikalsk nivå* (t.d. *vere mellom barken og veden* = *to be between a rock and a hard place*; bokstaveleg: «Vere mellom ein stein og ein hard stad»). For å tolke S2-idiom som ikkje har nokon direkte ekvivalent i innlæraren sitt S1, idiom på *post-leksikalsk nivå* (t.d. *sitje med skjegget i postkassa* = *to be left holding the bag/baby*; bokstaveleg: «Å bli etterlaten haldande på bagen/babyen»), må innlæraren i stor grad ty til kontekstuell støtte. Medan innlæraren først vil

forsøkje å tyde idiomet via bokstaveleg analyse av komponentane, krev slike idiom bruk av samtalekontekst og «top-down» prosesseringsstrategiar¹⁰ for å bli tolka på ein meiningsfull måte (Cieślicka, 2015, s. 219). Det andre trinnet, rekonstrueringstrinnet, i *diffusion*-modellen stadfestar eller avkreftar og erstattar hypotesane innlæraren konstruerte i føreseiingsfasen, ettersom innlæraren fullt ut analyserer informasjonen som er tilgjengeleg i inputen, og fokuserer på dei mest relevante kontekstuelle restriksjonane og avviser usannsynlege tolkingar (ibid.).

Ein tredje modell for S2-idiomprosessering er *Model of Dual Idiom Representation*. Den fokuserer på rolla som komposisjonaliteten og kjennskapen til idiomet speler. I denne modellen fastset komposisjonaliteten til eit idiom korleis det er representert i leksikonet. Medan ikkje-komposisjonelle idiom har separate leksikalske inngangar (lexical entries) – vist til som *idiom-inngangar* – treng ikkje komposisjonelle idiom å utvikle ein eigen idiom-inngang av di dei kan representerast via dei leksikalske inngangane til dei individuelle komponentane – *komponent-inngangar*. Di oftare – meir frekvent – ein S2-innlærar ser eller hører eit idiom, di større er sannsynet for at idiomet utviklar sin eigen idiom-inngang. *Model of Dual Idiom Representation* legg altså vekt på rolla som frekvens og kjennskap speler i den utviklande figurativ-kompetansen i S2 (Cieślicka, 2015, s. 220). Sidan S2-innlærarar støyter på idiom mindre frekvent enn innfødde, utviklar dei ikkje like mange idiom-inngangar i sine mentale leksikon som innfødde, og må gjerne ty til analysen av idiomkomponentane for å få fram den figurative tydinga til idiomet.

Strategien med å lite på den bokstavelege analysen for å prosessere S2-idiom utgjer hovudhypotesen til *Literal Salience Model*. Modellen er utvikla for å gjere greie for tileigninga og prosesseringa av idiomatiske uttrykk hjå framandspråksinnlærarar som tileigner seg S2 i ein formell omgjevnad, og bur I eit land/samfunn der ein ikkje snakkar S2 utanfor klasseromsmiljøet. Dermed er ikkje denne modellen like relevant for alle mine informantar, sidan dei lærer norsk i Noreg. Likevel får dei undervisning i ein formell omgjevnad i klasserommet, og ikkje alle praktiserer norsk i stor grad utanfor dette. Ein viktig skilnad på å lære ei ny leksikalsk eining og eit multiorduttrykk, t.d. idiom, er at å lære sistnemnde sjeldan inkluderer å opprette nye formelle representasjonar for komponentorda. S2-innlæraren kjenner vanlegvis allereie komponentane i idiomet, og tydinga deira er allereie veletablert i leksikonet til innlæraren (Cieślicka, 2015, s. 220). *Literal Salience Model* har såleis som

¹⁰ Strategiar der innlærarane utnyttar kontekstuell informasjon og eksisterande kunnskap for å forstå det som vert sagt (Ellis, 1994).

hovudhypotese at bokstaveleg tyding av idiomkomponentar er meir salient¹¹ enn den samla figurative tydinga.

Ifølgje *Graded Salience Hypothesis* (jf. Giora, 1997, som sitert i Cieślicka, 2015, s. 221) tyder «saliente tydingar» dei tydingane som er aktivert automatisk og sterkest, uavhengig av kontekstuell påverknad. Sidan framandspråksinnlærarar som tileignar seg sitt S2 i eit formelt miljø truleg kjenner den bokstavelege tydinga av orda før dei møter dei i ei figurativ formulering, er dei bokstavelege tydingane sterkare koda i leksikonet deira – og dermed meir saliente – enn dei nyleg tileigna figurative tydingane. Utsegna om saliens som ein funksjon av erfaring og fortrulegheit, som hevda av Kecskes (2006, som sitert i Cieślicka, 2015, s. 221), fangar ein viktig eigenskap til det kognitive systemet til menneska: Ei tyding som starta som ikkje-salient – t.d. eit nyleg lært S2-idiom – kan over tid og gjenteke eksponering gå over til å bli meir salient. Resultatet av at språkbrukaren får betre idiom-kjennskap er at den figurative tydinga, som han støytar på gjentekne gongar, vert meir privilegert og dermed overtek den saliente posisjonen til den bokstavelege tydinga. Sjansen aukar dermed for at den figurative tydinga aktiverast fortare og sterkare enn den bokstavelege tydinga, som då blir mindre salient.

2.2.4 Frekvens og salient tyding

Når ein lærer eit språk, anten det er eit første- eller andrespråk, står ein ikkje berre overfor enkeltytringar; ein står i stor grad overfor gjentekne ytringar, eller delar av ytringar som har det med å dukke opp, om og om igjen (Berggreen og Tenfjord, 1999, s. 96). Frekvente ord har større sjanse for å bli oppfatta og kjent att, allment sett. Dette kan stå på organiseringa av det mentale leksikonet ved at frekvente ord er lagra for seg og meir umedelbart tilgjengelege. Eller det kan ha si årsak i at frekvente ord har fått styrka sine forbindingar til resten av den språklege organiseringa slik at dei har lettare for å bli utløyst av eksterne stimuli (ibid.).

Idiom-kjennskap og kor salient idiomet er, er tett relatert. Den saliente tydinga av eit ord eller uttrykk er den tydinga som er lettast tilgjengeleg i det mentale leksikonet, og som på den måten er den første tydinga ein tenkjer på (Cieślicka, 2015, s. 212). Idiom som vert brukt frekvent i språket kjenner ein gjerne godt til, noko som gjer at deira figurative tyding vert meir salient for ein språkbrukar. Viss idiomet er mindre kjent kan den bokstavelege tydinga vere den første som kjem fram, og på den måten vere meir salient enn den figurative tolkinga.

¹¹ Saliens tyder at eit fenomen er framståande (Språkrådets termwiki, 2016).

Idiom som frekvent førekjem i skrive eller talde språk, er halde for å vere enklare å forstå – særskild viss dei i tillegg er transparente (Nippold, 2006).

2.2.5 Kontekst

Moon (1998, som sitert i Majuri, 2014) påstår at idiom er tvitydige når dei er separert frå kontekst. Ein kontekst tek i dei fleste tilfella bort tvitydigheita – sjølv om ukjende idiom kan stå fram som tvitydige for mottakaren ogso i ein kontekst. Konteksten vil uansett vanlegvis hjelpe ein ikkje-innfødd språkbrukar med å forstå tydinga til eit idiom (Majuri, 2014, s. 15). Ei undersøking gjort av engelske andrespråksinnlærarar av nederlandsk konkluderte ogso med at tvitydige ord – altså ord i S2 som korresponderer med fleire S1-ord – tok lengre tid å prosessere, og baud på utfordringar både for forståing og sjølve innlæringa av ordet (Degani og Tokowicz, 2010). Fernando (1996, som sitert i Sköldberg, 2004, s. 96) meiner at tvitydigheita hjå idiomatiske konstruksjonar kan skape vanskar og misforståingar særskild hjå barn og andrespråksinnlærarar.

I masteroppgåva si undersøkte Kathrine F. Finnøy (2012) idiomforståinga hjå ungdommar med norsk som morsmål på vidaregåande skular i Trondheim. Ho fann at dei generelt hadde god forståing, men at konteksten hadde mykje å seie, og at den gav ungdommane eit høve til å resonnere seg fram til kva idioma tydde sjølv om dei i utgangspunktet ikkje kjende tydinga.

2.3 Funksjonen til idiom i språket

With (2007) listar funksjonane idioma har i språket. Ho stiller spørsmål ved kvifor me brukar idiomatiske uttrykk, og siterer Johnson- Laird, eit sitat som set spørjeteikn til kvifor me i det heile brukar idiom når me likså godt kunne sagt noko «rett fram».:

Why, for example, do idioms exist? Their origin is singularly mysterious in the logical account of language. It is not at all obvious why speakers should use expressions that cannot be understood in the normal way (Johnson-Laird 1993: viii i With 2007:61).

Idiom og idiomatiske uttrykk fargelegg språket, og gjev språkbrukarar ein måte å kunne fortelje og uttrykke tankane sine på ein god og kyndig måte (McPherron og Randolph, 2014, s. 2). For S2-innlærarar med avansert kompetanse/ferdigheitar, verkar det som at figurativt

språk er «the biggest stumbling block to sounding nativelike» (Abrahamsoon og Hyltenstam, 2009, s. 279).

Som alle ord er idiom *informasjonspakkar* (Fernando, 1996 som sitert i With, 2007, s. 64). For å finne svar på kvifor me i det heile har idiomatiske uttrykk i språket, må me fysst sjå på kva som skil dei to typane informasjonspakkar; ord og idiom. Fernando (1996) peiker då på tre hovudskilnader:

1. Medan ord anten er generelle eller spesifikke, er idiom typisk spesifikke
2. Medan ord anten er biletlege eller bokstavelege, er idiom typisk biletlege
3. Medan ord anten er nøytrale eller lada/vurderande/markerte, er idiom typisk lada/vurderande/markerte

Sköldberg (2004) er inne på tanken om at den idiomatiske tydinga ofte er så kompleks at det ikkje alltid er mogleg å formidle det same semantiske innhaldet ved å parafrasere eit idiom. Dette er av di idiomet alltid gjev ein slags fleirtydig stimulus, og ved ei parafrasering av idiomet, vil ein dimisjon gå tapt (Sköldberg, 2004, s. 173). Ho meiner til og med at det mange gongar kan vere umogleg å formidle same semantiske innhald utan å nytte akkurat det spesifikke idiomet, og at formidlinga i så fall ville bli mykje mindre effektiv. Levorato (1903, som sitert i Majuri, 2014, s. 27) peiker på at det er fascinerande å bruke idiom av di dei involverer fantasi, gjer abstrakte tydingar meir konkrete, legg til ei mengd med mening til enkle konsept og gjer ein alminneleg samtale meir interessant.

3 Metode og empiri

3.1 Val av metode

Korpus som kjelde til datainnsamling er mykje brukt når det kjem til språkforsking. I korpus kan ein søkje mykje rundt utan at ein nødvendigvis finn idiom i det heile: korpussøk vil vise produksjonen av idiom, men ein språkbrukar kan forstå idiom utan sjølv å bruke dei i eigenproduserte setningar. Viss talaren har gjort endringar, om så berre små slike, vil det føre til ingen treff i eit korpus ved søk på det opphavelege uttrykket – sjølv om talaren då har forsøkt å bruke det. Endringar han kan gjere er t.d. å blande saman idiom eller byte ut ord i uttrykket. Sidan berre produksjonen, ikkje forståinga av idiom kjem fram i korpus, kom eg fram til at det i denne oppgåva var meir hensiktsmessig å bruke levande informantar.

Undersøkinga tek difor form av eit spørjeskjema. Johannessen (2003, s. 138) skriv at den største fordelen med spørjeskjema som metode når ein driv med språkvitskapleg datainnsamling, er at ein kan unngå visse fallgruver. Dette gjeld særskild dei som går på personleg påverknad av informanten i retning av forskaren si hypotese. Gjennom spørjeskjema får ein sørgt for at alle informantane får nøyaktig dei same spørsmåla stilt på same måte, og på den måten eliminerer ein sjansen for at ulik intonasjon gjev ulik forståing av konteksten, spørsmåla eller svaralternativa. På den andre sida nemner Johannessen òg ein del ulemper med å nytte spørjeskjema. Sidan datainnsamlinga ikkje skjer gjennom ein dialog mellom forskaren og informanten, mistar forskaren høvet til å foreta ei direkte oppfølging. Ei anna ulempa med spørjeskjema, som òg gjev grunnlag for ei potensiell feilkjelde, er at ein ikke får kontrollert om informanten tolkar spørsmåla på skjemaet rett. Dermed mistar ein moglegheita til å rette opp i slike misforståingar eller feiltolkingar som måtte oppstå, i og med vanskane spørjeskjema gjev med å vite kva informantane misforstår. Ein kan også risikere at informanten ikke kjem på alle moglege kontekstar, og ein må altså nytte spørjeskjema ytst forsiktig (ibid.).

Det er i likevel nokre grep ein kan gjere for at informantane skal ha så gode føresetnader som mogleg for å forstå spørsmåla på spørjeskjemaet (*Spørreundersøkelser*, u.å.a). I ei slik undersøking som eg gjer i denne oppgåva er det særskild når eg utformar skjemaet at eg kan påverke dette. Det første som er viktig er at formuleringane av spørsmåla er presise, slik at informantane forstår dei rett og på den måten kan gje mest mogleg presise svar. Sidan denne undersøkinga går ut på korleis informantane forstår idiom i det norske språket, er det formulert eit spørsmål for kvart av idioma, og det skal difor ikkje vere vanskeleg å unngå tvitydige spørsmål. Ein lyt tenkje over om alle spørsmåla ein stiller er nødvendige og har ein funksjon i undersøkinga. Viss nokre spørsmål ikkje er relevante, lyt ein fjerne dei for å halde skjemaet så ryddig og enkelt som råd (ibid.). Det siste grepet det står skrive om i *Spørreundersøkelser* (u.å.a) er at eventuelle alternativ skal stengje kvarandre ute: viss det eine alternativet er rett, kan ikkje det andre òg vere rett. Spørsmåla i spørjeskjemaet til denne undersøkinga vil likevel ha alternativ som kan forvirre. Sidan målet er å finne ut informantane si forståing av idioma, er nokre alternativ formulert som bokstaveleg tolking, medan andre tolkar idioma figurativt.

Spørjeskjema med svaralternativ er også ei fordel når det kjem til samanlikning av svara informantane gjev. Opne svarfelt i spørjeskjemaet vil gjere det vanskelegare å samanlikne svara til dei ulike informantane (Storsul, 2005). Eit spørjeskjema med svaralternativ gjev altså høve til å samle inn eit relativt stort og einsarta datamateriale. Å bruke svaralternativ i staden for «opne» felt aukar også sannsynet for at informantane gje svar på alle spørsmåla: med opne felt kan terskelen for å unngå spørsmåla vere lågare. Det er lettare å setje eit kryss ved eit allereie formulert svar enn å skulle formulere eit sjølv, viss ein er usikker. Dette aukar i mellomtid også sjansen for tilfeldige svar.

Under utforminga av spørjeskjemaet er det visse punkt ein lyt vere merksam på. Ein ønskjer å unngå kompliserte spørsmålsstillingar slik at informantane ikkje forstår spørsmåla, eller svarer på noko anna enn dei skal (*Spørreundersøkelser*, u.å.b). Eit viktig punkt for å avsløre fleirtydigheiter eller andre uklårheiter, er å teste skjemaet i pilottest før ein sender det ut til informantane. Då kan ein bli gjort merksam på kva som eventuelt ikkje fungerer eller som ein lyt rette på – testpersonar kan mellom anna gje beskjed om forkortingar som kanskje ikkje er innlysande for alle respondentane (ibid.). Testpersonane lyt helst vere ei gruppe som er mest mogleg lik informantgruppa for å finne ut om skjemaet/spørsmåla fungerer for nett den typen informantar.

3.1.1 Spørjeskjemaet

Eg følgde designen til Finnøy (2012) i utforminga av spørjeskjemaet sidan spørjeskjemaet i hennar undersøking viste seg å tene hensikta, men gjorde nokre endringar. Fortellingsteksten beheldt eg for å gje idioma ein kontekst. Der ho hadde to svaralternativ, eitt rett og eitt feil, valde eg å ha tre svaralternativ. Dette av di med tre alternativ – av desse ingen det lettvinne alternativet «veit ikkje» – gav betre mogleheiter til å kunne skjøne kva for strategiar innlærarane nyttar når dei tolkar idiom. I tillegg la eg til eit fjerde felt kor informantane kunne fylle ut si eiga tolking, viss dei meinte at ei tolking av idiomet mangla frå alternativa, eller viss dei var ueinige i tolkingane i dei tre gjevne svaralternativa. Finnøy (2012) fekk informantane i si undersøking til å oppgje dei spørsmåla dei gjetta på til slutt. Eg inkluderte også spørsmålet om dei gjetta eller ikkje til kvart idiom. Dei endringane eg gjorde på Finnøy (2012) si utforming, resulterte i følgjande oppsett (Vedlegg 1 viser heile spørjeskjemaet):

1. Historie

- a. Spørsmål knytt til historia
 - i. Tre svaralternativ, eitt rett og to feil
 - ii. Felt for friskrift/eiga tolking
 - a. Spørsmål om gjetting

Kwart idiom hadde altså ei kort historie, eitt spørsmål knytt til historia, tre svaralternativ og eit valfritt felt for friskrift, i tillegg til spørsmålet om dei gjetta på spørsmålet eller ikkje. Sollid (2005) er einig med Majuri (2014), Sköldberg (2004) og Finnøy (2012), og meiner at informantane forstår spørjelister som utforskar grammatiske fenomen betre viss konstruksjonane står i kontekst. Sidan det er den persepsjonelle forståinga eg ønskjer å undersøkje, vil ein pragmatisk kontekst i form av ei rammehistorie hjelpe informantane til å tenkje seg ein situasjon der dei kunne brukte dei ulike uttrykka. Sollid (2005) siterer Schütze når det gjeld å plassere setningane i kontekst: «if there exists a situation where a sentence would be appropriate, why should we not lead the subject to that situation?» (s. 101). Idiom opptrer dessutan sjeldan utanfor kontekst. Sköldberg (2004) påstår i samandraget av si doktoravhandling at «the full meaning of most of the idioms does not emerge until the idioms are put in a context». Ein kontekst til uttrykka eliminerer samstundes eit av problema Johannessen (2003) nemner med å nytte spørjeskjema som forskingsmetode, nemleg at

informantane kanskje ikkje kan tenkje seg til alle moglege kontekstar. I tilfellet med idiom er det ikkje nødvendig med alle kontekstar – det held med éin. Idioma var inkluderte i historia, skrivne i kursiv for å tydeleg få fram kva for uttrykk informantane skulle tolke. Av dei tre svaralternativa var eitt rett og to feil; det rette var den figurative tolkinga av idiomet i historia, medan dei to som var feil var anten ei figurativ feiltolking, som kunne verke rett ut frå konteksten, eller ei meir bokstaveleg tolking. Målet med undersøkinga var trass alt ikkje å finne ut informantane si evne til å kjenne att idioma, men å undersøkje evna deira til å forstå idioma i ein naturleg kontekst – altså den reseptive kompetansen.

Som nemnd over, rådar *Spørreundersøkelser* (u.å.a) til at alternativa skal stengje kvarandre ute: viss det eine alternativet er rett, kan ikkje det andre òg vere rett. Spørjeskjemaet mitt utfordrar dette punktet litt med at det er mogleg å ha meir eller mindre rette svar, då det i nokre tilfelle kan vere eit alternativ som verkar rett, men eit anna som er rettare. Sidan målet som nemnd er å finne ut informantane si forståing av idioma, er nokre alternativ formulert som ei tilnærma bokstaveleg tolking, medan andre alternativ tolkar idioma figurativt.

Spørjeskjemaet bestod av tjue historier med spørsmål. I og med at informantane var vaksne studentar kunne ein forvente at dei skulle klare å konsentrere seg den tida det tok å svare på dei. Pilottesten stadfesta også at lengda var passeleg. I si undersøking hadde Finnøy (2012) ti spørsmål, kor ni var på avkryssingsform, og det siste var rein friskrift. Ho grunngav valet med at ungdommane som utgjorde hennar informantar kunne finne ei lengre undersøking uoverkommeleg. Som nemnd var mine informantar vaksne, og tjue spørsmål verka dermed ikkje for mykje forlanga at dei skulle kome seg igjennom. I Majuri (2014) si undersøking var det 36 spørsmål. Informantane hennar var finske og italienske S2-innlærarar av engelsk, mellom 18 og 25 år gamle (sjølv om nokre få var eldre), og spørsmåla var på avkryssingsform, men utan kontekst. Kvart spørsmål vart dermed mykje kortare med mindre tekst enn spørsmåla på forma Finnøy (2012) brukte og som eg med modifikasjonar brukte til S2-informantane. I tillegg er det fint med eit tal som går opp i mange brøkar – difor eit rundt tal. Altså verka tjue som eit passeleg tal spørsmål i denne undersøkinga.

I tillegg til spørsmåla som gjaldt sjølve idioma, var det også nokre spørsmål om den språklege bakgrunnen til informantane. Desse spørsmåla gjekk ut på kva for andre språk dei hadde tileigna seg, kor lenge dei hadde studert norsk og kor lenge dei hadde budd i Noreg, kor ofte dei snakka norsk i kvardagen i tillegg til kor mykje utdanning dei hadde. Desse spørsmåla var meint som grunnlag for å kunne kategorisere og sjå om det var samanhengar mellom kor

godt dei forstod idiomene og dei ulike variablene. I løpet av undersøkingane¹² la eg til eit siste spørsmål om kor mykje skjønnlitteratur dei las på norsk, av di eg starta å lure på kor mykje dette kunne ha å seie for eksponeringa – og dermed forståinga – av norske idiom.

Ved nokre undersøkingar lyt ikkje informantane vite kva for fenomen forskaren undersøker. At informantane er merksame på kva forskaren er ute etter å undersøke, kan gjere at dei vurderer og svarer annleis enn dei vil gjere viss dei ikkje veit noko. Dette vert kalla observatørens paradoks, som er særskild aktuelt ved sosiolingvistiske undersøkingar: å snakke om kjennskap om haldningane til eit språk kan leie til at informantane vert merksame korleis dei snakkar, noko som kan gjere dei mindre avslappa og naturleg (Sollid, 2005, s. 106). Informantane mine kunne derimot vite kva målet med undersøkinga var utan fare for at det skulle påverke resultatet, noko som gjorde at eg kunne informere om det på førehand av utføringa. Det gjorde òg at det ikkje var nødvendig med dekkspørsmål for å kamuflere hensikta, og eg kunne dermed ha fleire spørsmål som var relevante for min studie, utan at spørjeskjemaet nødvendigvis vart lengre.

3.1.2 Pilottest

Eit av punkta *Spørjeundersøkelser* (u.å.b) hadde for å avsløre tvitydigheiter var, som nemnd over, å utføre ein eller fleire pilottestar. Pilottesten av spørjeskjemaet vart utført av ein S2-brukar av norsk frå NTNU. Med ein PhD i lingvistikk var truleg føresetnadene hans for å forstå idiomene i undersøkinga litt større enn for informantane eg har brukt, men kompetansen i språkundersøkingar var likså viktig i denne samanhengen. Gjennomføringa av sjølv pilottesten tok om lag 20 minutt, og i etterkant av denne testen gav han nokre tips til endringar på spørjeskjemaet. For det første var nokre språklege formuleringar av ein litt for avansert art, med tanke på at det trass alt er S2-innlærarar av norsk, som kanskje har studert norsk i under eit år, som skal lese, forstå og svare på undersøkinga. For det andre gjorde enkelte av historiene tydinga av idiomene for openbare; sjølv om konteksten skal vere til hjelp til å forstå idiomene, er ikkje meiningsa at det skal vere heilt sjølvsagt, heller. Til slutt utelukka nokre av svaralternativ seg sjølv i litt for stor grad; dette er ikkje ønskeleg på same måte som at forklarande historier ikkje er det.

I pilottesten hadde eg prøvd å kompensere for dei vanskelegaste idiomene med å gje dei ein meir eintydig kontekst. Sjølv om idiomene var meir opake og/eller ikkje-komposisjonelle,

¹² Informantane var fordelt på tre grupper/klasser.

meinte deltakaren på pilottesten at konteksten til slike idiom ikkje skulle vere tydelegare enn for transparente og komposisjonelle idiom.

3.2 Val av informantar

Tidlegare forsking tyder på at idiomtileigning skjer gradvis, og at det er fysst i 10-11-årsalderen at unge nærmar seg vaksenlik idiomforståing – dette gjeld då i S1 (sjå t.d. Vulchanova *et al.*, 2011). Viss det i tillegg er slik at idiom er noko av det siste ein lærer når ein tileigner seg eit nytt språk (jf. Abrahamsson og Hyltenstam, 2009), ville det vere lite hensiktsmessig å velje informantar som ikkje har dei naudsynte føresetnadane for å kjenne til og forstå idiom i utgangspunktet. Difor valde eg å nytte informantar i vaksen alder og over nybyrjarnivå i norsk.

3.2.1 Informantane

Totalt 47 deltagarar utgjorde informantgruppa. Dei var alle studentar på trinn 3 på kurset *norsk for utlendingar*¹³ ved NTNU Dragvoll, og altså godt over alderen for når dei burde forstå idiom i morsmålet. Med unntak av at alle var «gamle nok», syntet bakgrunnsinformasjonen dei oppgav at det var stor variasjon på informantane. Dette gjaldt både S1 og fleirspråklegheit, opphaldstid i Noreg, studietid – både studietid generelt og av norsk spesielt – og kor mykje dei tala norsk i kvardagen. Det var 26 ulike S1 blant informantane. Fem av desse – kviterussisk, kroatisk, tagalog, maithili og galisisk – utgjorde eitt av to språk hjå bilinguale språkbrukarar. Det varierte både kor lenge informantane hadde budd i Noreg – frå seks veker til sju år – og kor lenge dei hadde studert norsk – frå tre månader til tre år. Kor langt utdanningsløp dei hadde, varierte også med alt frå 13 år til 27 år. Uansett variablar med omsyn til morsmål, opphaldstid i Noreg osv. var desse informantane høgt utdanna og dermed kanskje atypiske for norma av S2-innlærarar av norsk – av di ikkje alle S2-innlærarar har eit langt utdanningsløp bak seg. Ifølgje Statistisk sentralbyrå har kvar tiande innvandrar lang høgare utdanning – dvs. meir enn fire år – samstundes som at mange over 16 år ikkje har noka fullført utdanning (Statistisk sentralbyrå, 2012).

¹³ Norskursa for utlendingar er trinndelte 1-4, kor trinn 1 er kurs for nybyrjarar og dei andre trinna krev kompetanse tilsvarande dei lågare trinna. Trinn 3 er det kvalifiserande trinnet for vidare fagstudie i Noreg. (NTNU, u.å.a). Det er først ved trinn 4 at kursdeltakarane lærer om idiomatikk og pragmatikk (NTNU, u.å.b).

3.2.2 Kontrollgruppe

Kontrollgruppa bestod av studentar ved nordiskstudiet på NTNU, anten i litteratur eller språk, og alle hadde norsk som S1. Gruppa bestod av 46 deltagarar; dei var opphavelig 49, men to fall utanfor av di dei ikkje hadde norsk som S1, og ein av di han var fleirspråkleg; han hadde norsk som eitt av morsmåla, men det var uvisst kva for språk som var majoritetsspråket der informanten vaks opp. For best mogleg å kunne samanlikne resultata frå dei to gruppene nytta ei kontrollgruppe framfor korpus. Idiomatiske uttrykk ikkje er truleg ikkje kulturelle berre basert på landegrenser, religion osv., men ogso basert på regionar innetter eit land. Eg valde difor kontrollinformantar som bur og praktiserer språket i Trøndelag, sjølv om dei kjem frå ulike stadar i landet, slik at dei kan gje ein peikepinn på om innlærarane omgåst språkbrukarar som kjenner til og nyttar idiom.

Spørjeskjemaet kontrollgruppa fekk, hadde ei litt annleis form enn spørjeskjemaet S2-innlærarane svara på. Medan S2-innlærarane fekk spørsmål på forma som forklart i kapittel 2.1.1, var undersøkinga kontrollgruppa svara på forma¹⁴ under:

1. Idiom
 - i. Spørsmål om kjennskap til idiomet
 - a. Svarfelt for kva idiomet tyder
 - ii. Spørsmål om bruk av idiomet

Årsaka til at kontrollgruppa fekk eit anna format, var at eg hjå dei ønska å vite om S1-brukarane kjende tydinga av idiom, og om dei nytta idiomat sjølv. Eg kom fram til at den enklaste måten å finne ut dette på var ved å få dei til sjølv å formulere ei tolking, sidan det då tok bort høvet til å setje kryss ved gjetting. Ettersom dei ogso fekk idiomat utan kontekst, sette det krav til informantane at dei faktisk visste tydinga av idiomet, eller greidde å tenkje seg til det berre ved hjelp av ulike dekomponeringsstrategiar. Ved at kontrollinformantane måtte formulere svara sjølv, vart det ogso tydelegare om dei nytta idiomat med «rett» tyding. Viss dei hadde fått ein kontekst og svaralternativ, kunne dei lettare gjennomskode kva som var forventa rett svar, og på den måten gjeve feil informasjon om korleis dei nytta dei; med det meiner eg at dei kunne ha kryssa av for rett svar og at dei nytta idiomet sjølv, men likevel kanskje nytta idiomet med ei anna tyding.

¹⁴ Vedlegg 2 viser heile spørjeskjemaet til kontrollinformantane.

3.3 Gjennomføring av undersøkinga

Undersøkinga vart gjennomført i tre omgangar med til saman 47 informantar, i tillegg til 46 kontrollinformantar i ei eiga undersøking. På førehand av undersøkinga – både for S2-innlærarane og kontrollinformantane – la eg særleg vekt på at det var frivillig å delta, og i alt 4 av S2-innlærarane valde å ikkje delta.

Undervegs i gjennomføringa var både eg og læraren på kursa til stades, og kunne svare på spørsmål til undersøkinga. Desse gjaldt særskild kva som meintes med morsmål, nokre omgrep i spørsmåla/svaralternativa, og for den siste av dei tre gruppene som deltok i undersøkinga, kva dei skulle skrive på spørsmålet om kor mykje dei las, viss dei ikkje las same mengd kvar månad ol.

3.4 Vurdering av eigenformulerte svar

Informantane hadde som nemnd høve til sjølv å formulere eigne tolkingar av idioma. For å vurdere eventuelle eigenformulerte svar sette eg opp nokre vurderingskriterium¹⁵. For at eg skulle vurdere tolkingane som rette, eller «rette nok», sette eg som krav at minst eitt av vurderingskriteria måtte vere oppfylte. Eg nytta definisjonane av Vannebo (2006), Skår (2008) og Hegge (2015) i vurderinga. Det eine kriteriet var at tolkinga – om ho ikkje var heilt tydeleg rett – måtte innehalde element av den rette forklaringa. Viss informanten si tolking ikkje var i nærleiken av forklaringa i nokre av dei nemnde bøkene, vurderte eg svaret som feil. Likevel kunne eg vurdere tolkingar som rette viss informanten var inne på rett spor, men verka som om ikkje greidde å formulere svaret rett av mangel på ord¹⁶. Tolkingar som var gjevne med eit anna idiom – eit norsk for kontrollinformantane, eller på anna språk, typisk engelsk, for S2-innlærarane – vurderte eg som rett, så framt eg fann at idioma var ekvivalentar. Ein annan måte dei kunne nytte var å integrere idiomet i ein meiningsfull kontekst..

¹⁵ Eg nytta stort sett same vurderingskriterium for å vurdere svara til kontrollinformantane.

¹⁶ På dette punktet var eg noko strengare når det gjaldt kontrollinformantane, då ein kan forvente eit større ordforråd og formuleringsevne hjå morsmålsbrukarar.

3.5 Forholdsreglar og potensielle feilkjelder

Sjølv om ein alltid lyste rekne med feilkjelder, er det visse førehandsreglar eg har teke for å prøve å avgrense desse. Informantane var i omgjevnader dei kjende, utan forstyrringar som kunne vere avgjerande for resultatet til stades. Dei fekk nokso god tid på å gjennomføre undersøkinga, 20-30 minutt, slik at dei forhåpentlegvis ikkje opplevde undersøkinga som stressande. Sjølv om alle undersøkingane vart gjennomførte i slutten av undervisningsøkta, varierte tidspunktet noko: ei gruppe gjennomførte undersøkinga på føremiddagen, medan dei to andre gjennomførte ho litt ut på ettermiddagen.

Eg valde å utforme spørjeskjemaet på bokmål heller enn nynorsk. Dette gjorde eg av di det er denne målforma informantane får undervisning i, og eg ønska ikkje at målforma skulle vere ei kjelde til misforståingar hjå informantane. I sjølve undersøkinga unnlét eg å gjere om på eller blande saman fleire idiom ved å forme såkalla nye idiom, jf. «bøye seg i hatten» (Weng, 2014) av *bøy seg i støvet* og *ta av seg hatten*, eller «fødd bak ein stol» av *fødd i går, tapt bak ei vagn* og *falle mellom to stolar* (Eide, p.k), av di dette ville ha sett evna informantane hadde til å kjenne att idiomata på prøve heller enn å teste forståinga deira av faktiske idiom. I samband med utforminga av spørjeskjemaet – med ein kontekst, eit spørsmål og svaralternativ – må eg ta høgde for at informantane måtte velje mellom svaralternativ eg allereie har utforma. Eg forsøkte å rette på dette ved å leggje til felt d) kor dei sjølv kunne kome med si eiga tolking. Likevel kan dei finne det fristande å krysse av på alternativa eg har utforma av di det går fortare og er enklare enn å måtte formulere eigne tolkingar.

Misforståingar mellom informant og personen som utfører undersøkinga, kan også vere årsak til forhold som kan forårsake feil i undersøkinga. Viss eg ikkje hadde vore tydeleg nok då eg greia ut om spørjeskjemaet kunne innlærarane ha vorte usikre på kva dei skulle gjere. Viss eg i tillegg hadde gjort greie for spørjeskjemaet på ulike måtar til dei ulike gruppene, kunne det også ha ført til ulikskapar i svara. Ved hjelp av ei hugsliste sikra eg meg at eg sa det same i alle gruppene: i kvar gruppe starta eg med å gjere greie for kva eg undersøkte, og kvifor eg ønska akkurat dei som informantar. Eg gjorde greie for spørjeskjemaet, og korleis dei kunne brukefeltet for friskrift – svaralternativ d). Eg presiserte også at å skrive førenamn var heilt frivillig, og berre var for meg viss eg skulle ha nokre spørsmål seinare – viss dei ikkje ville at eg skulle kunne spørje dei, skulle dei berre la vere å skrive noko. Å leggje ved eit skriv til spørjeskjemaet med kort skildring av kva undersøkinga gjekk ut på, og korleis dei skulle gå fram for å svare på ho, var også med på å sikre at alle

informantane fekk nøyaktig same informasjon, sidan det var tre klasser som svara på ho, i tillegg til at informantane kunne bla tilbake viss dei vart usikre på noko undervegs.

Viss det førekomm feil i sjølve spørjeskjemaet, viss eg ikkje stod fram som seriøs, eller om det rett og slett var for mange spørsmål, kunne dette svekke reliabiliteten til undersøkinga og føre til at informantane kryssa av utan å bry seg om kva som eigentleg står. Informantane kunne også kjede seg med spørsmål som kjendest repeterande. For å gjennomskode om dei har kryssa av tilfeldig, følgde eg strategien til Finnøy (2012) og var merksam på om informantane konsekvent kryssa av på eitt av alternativa, eller om dei eventuelt gjennomgåande har kryssa av i eit anna mønster (øvst, midten, nedst el.). Utover dette har det vore vanskeleg å avsløre om dei har kryssa av vilkårleg. Ingen av svara gav teikn på at informanten kryssa av vilkårleg.

For kvart spørsmål i undersøkinga var også spørsmålet om dei gjetta eller ikkje sett opp. Kva det vil seie å gjette er på mange måtar eit definisjonsspørsmål. Om informantane gjetta då dei var 99 prosent sikre, eller om grensa kanskje gjekk ved at dei var 50 prosent sikre, er vanskeleg å avgjere. Tanken min er, som også Finnøy (2012) understreka, at gjetting ikkje er spesielt målbart, men at det likevel er interessant å undersøkje kor stor del av informantane som meiner dei har kome fram til svaret sitt ved hjelp av å gjette. Som nemnd valde eg å setje det som eit eget spørsmål etter kvart idiom heller enn å på slutten be dei ramse opp dei idioma dei meinte dei gjetta på. Dette gjorde eg av di spørjeskjemaet hadde så mange som 20 spørsmål, og det kunne dermed vere vanskeleg å hugse kva for spørsmål ein var sikker på og kva for spørsmål ein gjetta på når ein hadde svara på heile skjemaet.

Til slutt vil eg minne om at alle informantane går ved norskkursa på NTNU. Desse kursa har ikkje – det eg har funne – noko øvre aldersgrense, så alderen på informantane varierer frå byrjinga av 20-åra og oppover. Om dette har noko å seie for resultatet av undersøkinga er vanskeleg å seie, sidan det er mange andre faktorar som også spelar inn.

4 Resultat og diskusjon

Dei to hovudhypotesane til denne studien hevdar at transparente idiom er lettare å forstå enn opake idiom, og at innlærarane i stor grad støttar seg til konteksten i tolkinga av idioma. I det følgjande vil eg presentere resultata frå undersøkinga, samanlikne resultata til S2-innlærarinformantane med resultata til kontrollgruppa, og diskutere dei og hypotesane i relasjon til det teoretiske rammeverket.

For å gjere resultata meir lesevenlege har eg rekna opp talet av dei ulikt fordelte svara til informantane og gjort dei om til prosentar¹⁷. Desse har eg plassert i tabellar i følgjande format¹⁸:

	Rette svar	Feil svar	Totalt
Totalt alle svar	(a)	(b)	(a) + (b)
Del svar som var gjetta	(c)	(d)	(c) + (d)
Del svar som ikkje var gjetta	(e)	(f)	(e) + (f)
Del svar utan oppgjeve gjetting	(g)	(h)	(g) + (h)

Dømetabell 1.

Dømetabell 1 syner dei rette svara (a) og feile svara (b) til informantane i prosent, i tillegg til fordelinga av korleis dei hadde gjetta (c) – (h), også dette i prosent. Eg ser det som høg grad av gjetting viss denne (c)+(d)-prosenten er kring femti prosent. Når informantane har gjetta rett (c), påstår eg at dei har nytta ulike strategiar til å resonnere seg fram til svaret. Strategiane dei då har nytta har vore vellukka, sidan dei har kome fram til det rette svaret. På den andre sida har prosentdelen som har slutta seg til feil, (f), lite på feil strategiar, eller strategiane har ikkje vore tilstrekkelege til å finne ein logisk samanheng mellom idiom og tyding. For dei som ikkje oppgav om dei gjetta eller ikkje kan ein gå ut i frå at anten var usikre på i kor stor

¹⁷ Tala er runda av til heile tal av di det var relativt få informantar, 47.

¹⁸ Inspirasjon til tabellformatet er henta frå Finnøy (2012)

grad dei gjetta, og kanskje ikkje visste kor sikre dei måtte vere for å kunne seie at dei ikkje gjetta, eller dei kan rett og slett ha gløymd den delen.

4.1 Generelle trekk

Tabell 1 syner ei samanstilling av svara til alle informantane i prosent. Heile 66 prosent, eller to tredjedelar, av svara var rette¹⁹. Del gjetta svar var 47 prosent totalt, medan ein del på 34 prosent var oppgjeve ikkje gjetta, og 19 prosent av svara hadde ikkje oppgjeve om gjetting.

	Rette svar	Feil svar	Totalt
Totalt alle svar	66 %	34 %	100 %
Del svar som var gjetta	29 %	18 %	47 %
Del svar som ikkje var gjetta	27 %	7 %	34 %
Del svar utan oppgjeve gjetting	9 %	10 %	19 %

Tabell 1: Alle informantane sine samla svar.

Resultata frå spørjeundersøkinga gjer at særskild nokre trekk skil seg ut. For det første viser informantane i stor grad god forståing av norske idiom. Det andre trekket er at enkelte språkgrupper skil seg ut, nokre på måtar som streid mot forventingane eg hadde på førehand. Totalt var det 27 ulike morsmål²⁰ blant informantgruppa, og mange av desse var det berre éin informant som hadde. Dei gruppene som skilde seg særleg ut var engelskmennene med sine noko overraskande därlege resultat, tyskarane med særskild gode resultat, russarane med ei openbar todeling og den einslege grekaren i studien. Det kom tydeleg fram at fleirspråklege informantar stort sett gjorde det sterkare enn eittspråklege²¹, nesten same kva for språk dei hadde som S1 og S2.

Eit siste trekk som skil seg ut omhandlar idioma i undersøkinga. Nokre idiom skilde seg ut som klart enklare for informantane å forstå, medan andre hadde låg del av rette svar – på tvers av språkgruppene. Av desse idioma var ein del forventa å vere lettfattelege, medan andre var forventa at ville gje større problem hjå informantane. Det var likevel nokre resultat som streid i mot forventingane eg hadde på førehand.

¹⁹ Korleis eg har vurdert svar som informantane har formulert sjølv, felt d), diskuterer eg i kapittel 4.5.1.

²⁰ Oversikt over kva for ulike S1 og S2 informantane hadde finst i vedlegg 3.

²¹ Når eg omtaler informantane som eittspråklege, eller monolingvale, meiner eg *frå før*, sidan ingen av informantane i undersøkinga lenger er eittspråklege i og med at dei no kan både morsmålet sitt og norsk.

4.2 Idioma i undersøkinga

Informantane vart stilt spørsmål til totalt 20 idiom. Blant desse var det nokre idiom som dei fleste svara rett på, og nokre idiom kor den største delen av informantane svara feil²². Eg vil no ta føre meg dei idioma som sklide seg mest ut i dei ulike retningane.

Ein ser av tabell 1 at det er mange korrekte svar, 66 prosent. Sjølv om det ikkje var noko spørsmål som alle svara rett på, så svara heile 87 prosent rett på idiom 15, *bite i det sure eplet*. 85 prosent svara ogso rett på idiom 7, *vere ute på tynn is*, idiom 4, *bruke apostlanes hestar*, og på idiom 10, *brenne alle bruer*. Vidare svara 83 prosent rett på idiom 20 – *vere mellom barken og veden*, og 81 prosent svara rett på idiom 2 – *sjå gjennom fingrane med noko*. Dette var dei idioma som informantane syntest å forstå best.

Spørsmål	Rett			Feil		
	Gjetta ikkje	Gjetta	Totalt ²³	Gjetta ikkje	Gjetta	Totalt
2	40 %	30 %	81 %	2 %	13 %	19 %
4	19 %	51 %	85 %	2 %	9 %	15 %
7	38 %	36 %	85 %	4 %	6 %	15 %
10	62 %	23 %	85 %	2 %	13 %	15 %
15	49 %	26 %	87 %	2 %	4 %	13 %
20	43 %	30 %	83 %	2 %	4 %	17 %

Tabell 2: Informantane sine samla svar på spørsmål 2, 4, 7, 10, 15, og 20

Å analysere kvar enkelt komponent i idiomet bokstaveleg gjev ikkje alltid hjelp til å tolke det figurativt, i og med at idiomet kan vere ikkje-komposisjonelt. Men det kan vere ein viss samanheng mellom det biletet den bokstavelege tydinga gjev og den figurative tydinga, så sjølv om idiomet ikkje er transparent, kan ein i alle fall i ein del tilfelle sjå idiom som semi-transparente.

²² Sjå tabell 3 og 5 for full oversikt i høvesvis tal og prosent over korleis informantane si forståing fordele seg.

²³ Tala i kolonnane «totalt» tabellen i går ikkje alltid opp av di ikkje 100 prosent av informantane oppgav om dei gjetta eller ikkje. Dei manglande prosentane i reknestykket *gjetta ikkje + gjetta = totalt* er altså delen som ikkje oppgav gjetting.

4.2.1 Idioma flest forstod

Idiomet i spørsmål 15 var *bite i det sure eplet*; det idiomet som informantane syntet klårt best forståing av, som tabell 6 viser. Resultatet samsvara godt med resultatet frå kontrollgruppa òg: 87 prosent og 85 prosent rette svar, høvesvis. Idiomet er transparent av di samanhengen mellom den bokstavelege meiningsa og den figurative tydinga er nokso tydeleg. I tillegg er idiomet biologisk, og ifølgje Vulchanova, Vulchanov og Stankova (2011) er slike idiom lettare å forstå sidan dei baserer seg på den menneskebiologiske naturen. Biologiske idiom tenderer å vere meir transparente enn t.d. kulturelle idiom, og transparente idiom er gjerne enklare å forstå enn opake idiom. Den høge delen korrekte svar på spørsmålet om dette idiomet tyder på at dette stemmer.

Vere ute på tynn is, idiom 7, har ein nesten ordrett ekvivalent i engelsk med «skate on thin ice» for å utsetje seg for ein risiko. For at den bokstavelege tolkinga her skal ha samanheng med den figurative, er det ein føresetnad at ein har eit omgrep om kva å gå på tynn is inneber. Viss ein uttalar seg eller går i gang med noko på usikkert grunnlag, kan det hende at underlaget er for svakt, anten det består av tynn is eller av utilstrekkelege ferdigheiter og kunnskapar. Då kan alt breste og ende i kalddusj og nedsett kroppstemperatur –eller ein kan ha flaks, slik at isen ber likevel (Hegge, 2015). Idiomet er både transparent og biologisk, og både informantgruppa og kontrollgruppa syntet god forståing av det med høvesvis 85 og 100 prosent rette svar på kva det tyder. I kontrollgruppa oppgav også 89 prosent at dei nytta idiomet sjølv. At idiomet dermed er vanleg i bruk hjå morsmålsbrukarar aukar sjansen for at S2-innlærarane også møter idiomet frekvent, noko som gjer at dei lettare vil tilegne seg det slik at den figurative tydinga vert den mest saliente.

Kontrollgruppa syntet därleg forståing for idiom 3, *bruke apostlanes hestar*; berre 20 prosent svara rett på kva det tydde. Dei framandspråklege informantane syntest derimot å forstå idiomet godt, med ein rett svarprosent på 85. Med 60 prosent gjetting tyder det på at dei likevel ikkje var heilt trygge på at tydinga var rett. Dei strategiane dei har nytta har då tydelegvis vore vellukka, slik at informantane har greidd å resonnere seg fram til rett svar sjølv om dei i utgangspunktet var usikre. *Bruke apostlanes hestar* er eit bibelsk uttrykk (jf. Vannebo, 2009, som sitert i Finnøy, 2012), så det er sannsynleg at uttrykket eksisterer i mange språk med relativt liten lingvistisk avstand, noko som gjer at mellom anna den parasittiske strategien kan gje eit vellukka resultat.

Ogso *brenne alle bruier* er eit transparent idiom: biletet uttrykket gjev av å brenne ein konstruksjon som er bindeleddet mellom noko, gjer at ein kan sjå for seg at det vert vanskeleg å kome tilbake til den andre sida igjen etterpå – det er ingen veg tilbake igjen. Kjensla av erfaring gjer at idiomet ogso er biologisk. På engelsk heiter uttrykket «burn one's bridges/boats» og på arabisk «å drepe eins kamel» (Johansen og Øyen, 2005), altså har idiomet ekvivalentar i fleire språk. 85 prosent frå kontrollgruppa svara ogso rett på kva dette idiomet tyder, og forståinga hjå dei to gruppene var dermed lik.

Mange uttrykk i norsk er knytt til skog- og landbruk (Gundersen og Jørgensen, 2012). *Vere mellom barken og veden* er eit døme på dette. Eg klassifiserer ogso dette idiomet som transparent, av di viss ein har sett ein vedkubbe eller ein stubbe så veit ein at mellom barken og veden, der er det trøngt, og har ein hamna der er ein i ein vanskeleg eller ubehageleg situasjon. Idiomet er meir kulturelt enn ein del av dei andre i og med at det varierer litt i ordlyden på ulike språk: t.d. lyder det på engelsk «mellom ein stein og ein hard stad», og på spansk «mellom sverdet og veggen» – som er ein litt meir krigersk vri. I kontrollgruppa svara berre 30 prosent rett på kva idiomet tyder, kor ein del av svara lydde at mellom barken og veden, der er ein trygg eller har det godt. Så kanskje er dette eit idiom som med tida vil endre tyding.

Sjå gjennom fingrane med noko er ogso eit idiom med erfaringsgrunnlaget i den fysiske verdsforståinga. Men det er semi-transparent heller enn direkte transparent, sidan ein kan skjøne at det tyder at ein ikkje ser noko – grunna fingrane framfor auga – men det er likevel ikkje openbart at ein *vel* å oversjå noko, og ein kunne difor vente at det var noko vanskelegare å forstå. 83 prosent av deltakarane i kontrollgruppa svara ogso rett på det, og 54 prosent svara at dei brukar det sjølv. Idiomet er heller ikkje særnorsk, og finst mellom anna i både dansk og tysk, med liten lingvistisk avstand til det norske: «se gennem fingre med nogen» og «mit etwas Duch die Finger sehen». Idiom som er utbreidde i fleire språk har naturleg nok større sannsyn for å vere kjende hjå fleire.

4.2.2 Idioma flest hadde vanskar med

I andre enden har me spørsmål 1 og 9. Dette var idioma som informantane viste dårlegast forståing for, med 26 prosent korrekte svar på båe. Til idiom 1, *ta nokon/noko på kornet*, oppgav dei fleste at «den [parodien] var morosam» som det dei meinte var korrekt svar. *Sitje med skjegget i postkassa*, idiom 9, tolka dei fleste som å miste oversikt over situasjonen. Kvifor var akkurat desse idioma så vanskelege? Gamle uttrykk har større sjanse for å ha

ekvivalentar i fleire språk, som *kjøpe katta i sekken* frå 1300-talet (Skår, 2008; Språkrådet, u.å.a.) og (*bruke*) *apostlanes hestar* som stammar frå Matt. 28.19 (Vannebo, 2009, som sitert i Finnøy, 2012, s. 39), og sannsynet for at uttrykka er kjent i fleire av informantane sine S1 er dermed større enn for nye uttrykk. *Ta på kornet* har ingenting med kornet på åkeren å gjere, men stammar frå skyting, kor kornet er ein del av føresiktet på eit gevær (Hegge, 2015). Ifølgje Skår (2008) er uttrykket veldig gammalt og vert brukt i mange land – på engelsk *have someone/something in (one's) sights* (bokstaveleg: «Ha nokon/noko i (eins) sikte») – men er i dag på hennar liste over utryddingstrua ord i Noreg.

Sitje med skjegget i postkassa er ifølgje språkrådet eit fellesnordisk uttrykk – på svensk og dansk heiter det høvesvis «att sitta med skägget i brevlådan» og «at sidde med skægget/fletningerne i postkassen» – kjent frå 1950-åra om det å kome i klemme. I dag er uttrykket meir aktuelt å bruke om å ha mislukkast (Språkrådet, u.å.b.). Vannebo (2006) skriv at uttrykket også kan bety å dumme seg ut. Den semantiske avstanden S2-idiomet har til det korresponderande S1-idiomet har ifølgje Cieślicka (2015) og *Idiom Diffusion Model of Second Languages* mykje å seie for kva for hypotesar ein innlærar konstruerer om dei figurative tolkingane av S2-idiomet. Det nærmaste ekvivalente uttrykket eg fann på engelsk er «to be left holding the bag/baby», sjølv om dette er noko meir klandrande – nokon stakk av frå ansvaret, slik at ein fekk skulda for ein uheldig situasjon (Cambridge Dictionary; Quinion, 2002). Dette er altså ikkje så likt det norske uttrykket i ordlyden, og det kan vere vanskeleg å sjå samanhengen mellom dei. Sjølv om S1 har idiom som uttrykker eit likt konsept som S2-idiomet, kan den semantiske avstanden mellom dei vere så stor at det vert vanskeleg eller umogleg å sjå samanhengen mellom dei. Dermed vil heller ikkje den parasittiske strategien på S1 vere til hjelp sidan ei direkte omsetjing av S2-idiomet ikkje vil føre til eit ekvivalent uttrykk i S1.

Det kan altså sjå ut som at det er ulike årsaker til at desse uttrykka fekk mange feilsvar i undersøkinga. *Ta nokon/noko på kornet* er som nemnd gammalt og utrydningstrua – men 46 prosent av kontrollgruppa visste likevel kva idiomet tydde. Informantane har då truleg ikkje tolka «kornet» som siktet på eit gevær, og dermed ikkje greidd å finne ei sannsynleg tolking ut frå komponentane i idiomet. *Sitje med skjegget i postkassa* er nokso nytt, og med direkte ekvivalentar berre i dansk og svensk. Sannsynet for at informantane kjente til idiomet frå før er dermed mykje mindre enn om det hadde hatt liknande ekvivalentar i fleire språk, som mange av dei andre idioma i undersøkinga hadde.

Ein annan faktor som kan ha spelt inn er kontekstane eg skreiv idioma inn i. Ut frå *Idiom Diffusion Model of Second Languages* har nærværet av ein støttande kontekst, i tillegg til transparentheit og den semantiske avstanden S2-idiomet har til det korresponderande S1-idiomet, noko å seie for tolkinga av idioma. I tilfelle med idiom på post-leksikalsk nivå – som med *skjegget i postkassa* – må innlæraren ifølgje denne modellen i stor grad ty til kontekstuell støtte (Cieślicka, 2015). At parodien i spørsmål 1 var morosam er eit naturleg svar ut frå konteksten, av di alle lo, og det ser dermed ut som at konteksten overkøyrdde anna signal under prosesseringa av idiomet. Det same gjelder også for spørsmål 9: konteksten tilsa at han ikkje hadde hatt oversikt over situasjonen. Ein annan moglegheit er at informantane ikkje hadde andre signal å stø seg til, og at i fråværet av eit S1-idiom og komposisjonelt sannsyn vart konteksten ståande som einaste peikepin til kva idiomet kunne tyde.

Ei anna forklaring kan vere at dei korrekte svaralternativa, «den var svært treffende» og «han satt igjen som den tapende part», vart for vase og uforståande til samanlikning. Det er mogleg at dei andre svaralternativa, «den var morsom» og «han mistet oversikt over situasjonen», gav meir mening for informantane – grunna konteksten, men òg grunna ordvalet frå mi side i formuleringa av svaralternativa. Berggreen og Tenfjord (1999, s. 95) skriv at frekvensen ord førekjem i har innverknad for kor godt ein språkbrukar oppfattar og kjenner att ord. «Treffande» og «tapande» er kan hende ikkje ord informantane møter særleg frekvent, og dermed er dei ikkje like umedelbart tilgjengelege i leksikonet, eller dei har for svake forbindinger til den språklege organiseringa elles, slik at dei vanskelegare vert «utløyst» av eksterne stimuli.

4.2.3 Idioma i grenseland

Fleire av idioma i undersøkinga har ekvivalentar i andre språk. Ekvivalentane uttrykker same konsept, men kan vere på leksikalsk, semi-leksikalsk eller post-leksikalsk nivå (sjå kapittel 2.5.1). Eit døme på eit uttrykk som finst i mange språk er *kjøpe katta i sekken*. I engelsk refererer uttrykket til grisen heller enn katta med «buy a pig in a poke», og uttrykka er dermed på leksikalsk nivå, sjølv om «katta» byta ut med «grisen» gjer at det ikkje er ei helt ordrett omsetjing. Eg fann at alle europeiske S1 som var representerte i undersøkinga har ein verson av dette uttrykket, som regel med bruk av anten katt eller gris, men nokon også med andre dyr: den spanske ekvivalenten er «dar/pasar/vender gato por liebre» (bokstaveleg: «Gje/passere/kjøpe katt for hare»), og peikar dermed direkte på at noko (i løyndom) går i staden for noko anna og meir verdifullt. I tillegg har russisk og vietnamesisk det same idiomet

med katt. Andre språk har litt større lingvistisk avstand mellom det norske S2-idiomet og ekvivalenten i S1, t.d. arabisk: «yashtari samak fi ma'an» (bokstaveleg: «Å kjøpe fisk i vatn»), som er på semi-leksikalsk nivå. Det nærmaste idiomet på kinesisk uttrykte eit omrent likt konsept, men varierte vesentleg i det leksikalske: *géshān mǎi lǎo niú* (bokstaveleg: «Kjøp det gamle storfeet/kjøpe ei ku der borte i eit anna fjell»). Dette uttrykket viser meir til ein person som gjer noko spontant utan å ha tenkt nøye igjennom det på førehand, og ender opp med å ta uheldige avgjerder grunna mangel på undersøkingar på førehand (Jiali Carrie Xian²⁴, personleg kommunikasjon, 15. oktober 2017). For marathi, koreansk og tagalog/filippinsk fann eg derimot ingenting som likna.

Likevel, sjølv om 28 informantar hadde morsmål kor eg fann ekvivalentar til *kjøpe katta i sekken*, svara 24 informantar rett på spørsmålet som involverte dette idiomet, og altså berre så vidt over halvparten av det totale talet informantar. Delen som svara at dei gjetta på dette idiomet – same om svaret var rett eller feil – var 36 prosent. Informantane var altså nokso sikre i sin sak då dei svara på kva idiomet tydde, sjølv om svaret var feil.

Årsakene til at såpass få svara rett kan vere fleire. Som nemnd har transitiviteten og komposisjonaliteten til idiomet mykje å seie for kor lett det er å forstå – særskild viss idiomet i S2 ikkje har ein S1-ekvivalent med liten semantisk avstand. *Katta i sekken* er eit gamalt idiom, og har ekvivalentar i fleire språk. Men det er eit opakt idiom, utan særleg nærleik mellom den bokstavelege og figurative tydinga. Sidan det også er ikkje-komposisjonelt – komponentane i uttrykket leier ikkje til tolkinga av den figurative tydinga – får ikkje informantane noko ut av å omsetje idiomet ord for ord. At informantane hadde vanskar med idiomet er då i tråd med *Idiom Decomposition Model*, som føreslår at ikkje-komposisjonelle idiom er vanskelegare – og tek lengre tid – å prosessere enn komposisjonelle idiom.

I tillegg er idiomet, ifølgje Skår (2008), utrydningstrua, noko som gjer det mindre frekvent og mindre sannsynleg at informantane har støytt på det tidlegare. I si masteroppgåve hadde Finnøy (2012) ein hypotese om at ungdommar med norsk som morsmål forstår ikkje-utrydningstrua idiom betre enn utrydningstrua idiom. Denne hypotesen vart delvis stadfesta. Resultata frå undersøkinga til Finnøy (2012) viste ingen skilnad på ungdomane si forståing av dei to idiomkategoriane, men skilnaden låg i kor mykje ungdommane gjetta – med størst del gjetting på dei utrydningstrua idiom, heile 38 prosentpoeng høgare enn på dei ikkje-utrydningstrua idiom (Finnøy, 2012). Ho fann òg ut at ein kontekst gjer at dei greier å resonnere seg fram til rett svar i både kategoriane. Men viss informantar med norsk som

²⁴ Carrie er ein S2-brukar av norsk med kinesisk som S1.

morsmål er usikre på utrydningstrua idiom, er det forståeleg at også innlærarar av norsk er det. Samstundes kan det hende at uttrykket ikkje er i mykje bruk i informantane sitt S1 heller, slik at den figurative tydinga ikkje er salient i det heile. Over tid kan idiom også endre tyding, og di eldre uttrykket er, di større er sjansen for at den opphavlege tydinga til uttrykket er «borte». Då gjev ikkje lenger den bokstavelege tydinga dei same assosiasjonane, og uttrykket vil vere vanskelegare å forstå.

Idiom 18, *møte seg sjølv i døra*, hadde også 51 prosent rette svar, med ein total gjetteprosent på 55. Den nærmaste ekvivalenten eg fann til dette idiomet på engelsk var «the pot calling the kettle black» (bokstaveleg: «Gryta kallar kjelen svart»), sjølv om det ikkje er heilt det same då det engelske tyder at ein skuldar nokon for noko ein sjølv er skuldig i. Idiomet står ikkje på lista til Skår over utrydningstrua idiom, men kontrollgruppa viste at det kanskje ikkje er eit så mykje brukt uttrykk likevel då berre 26 prosent av informantane i kontrollgruppa svara rett på kva idiomet tydde.

Idiom 6, *drite på draget*, skil seg ut frå dei andre to i denne kategorien ved at S2-innlærarane av norsk hadde 57 prosent rette svar og ein gjetteprosent på 66, medan kontrollgruppa hadde 93 prosent rette svar. I tillegg oppgav heile 63 prosent i kontrollgruppa at dei nyttar idiomet sjølv. Dette skulle altså tileseie at idiomet er frekvent i språket, og at informantane lettare vart utsette for det. Noko som igjen skulle tilseie at dei lettare tileigna seg uttrykket gjennom repetisjon (jf. Berggreen og Tenfjord, 1999). *Drite på draget* er likevel eit nokso uhøgtideleg og lite akademisk uttrykk. Det er eit særdeles folkeleg uttrykk for å dumme seg ut, og eit kjapt google-søk tyder på at det ikkje nyttast mykje i artiklar som ligg på nett. Viss det er slik at morsmålsbrukarar nyttar idiomet munnleg, men at det i liten grad vert nytta skriftleg, vil det seie at det spelar liten rolle kor mykje innlærarane les, då dei med lite sannsyn vil treffe uttrykket i tekst. Dei må dermed vere i interaksjon med morsmålsbrukarar som nyttar idiomet for å bli eksponert for det, og på den måten få tilgang til den figurative tydinga.

4.3 Språkgrupper som skilde seg ut

4.3.1 Tyskarane

Det var seks tyskarar som svara på undersøkinga, og dei utgjorde dermed den nest største språkgruppa i studien. Svara deira fordelte seg som synt i tabellen under.

	Rette svar	Feil svar	Totalt
Alle svar	86 %	14 %	100 %
Del svar som var gjetta	25 %	8 %	33 %
Del svar som ikkje var gjetta	60 %	7 %	67 %

Tabell 3: tyskarane sine samla svar

Som tabell 2 syner var 86 prosent av dei 120 svara tyskarane gav rette. Denne gruppa skilde seg altså ut ved at ein særstakt høg del av gjevne svar var rette. I tillegg ser me frå tala i tabell 2 at tyskarane si grad av oppgjeve gjetting, 33 prosent, var ein del lågare enn graden gjetting blant alle informantane, som låg på 47 prosent (sjå tabell 1). Ein del på 67 prosent var ikkje gjetta, så det tyder på at tyskarane var nokso sikre på at svara dei gav var rette.

Det norske språket har gjennom kontakten med Tyskland – mellom anna med Hanseatane i seinmellomalderen – mange låneord frå tysk, og det vil vere naturleg om også fleire idiomatiske uttrykk er felles mellom språka. Mellom anna *sjå gjennom fingrane med noko* har me frå tysk gjennom dansk (Hegge, 2014). På spørsmål 2, 4, 5, 7, 10, 11, 12, 14, 15, 16, 17 og 20 svara alle rett. Sjølv om graden av gjetting gjennomgående var låg, var alle sikre – altså, ingen gjetta – på spørsmål 10, 12, 13, 15 og 16.

Idiom 1 og 9 – *ta nokon på kornet* og *sitje med skjegget i postkassa* – som generelt kom dårlegast ut hjå informantane, skapte også vanskar for tyskarane. Spørsmål 9 kom særskild dårleg ut med berre eitt rett svar, kor han som svara rett gjetta, og fem feil svar med to og tre som ikkje gjetta og gjetta, høvesvis. Spørsmål 1 hadde i denne gruppa to rette svar, kor ein gjetta og ein ikkje gjetta; fire feil, kor alle fire svara at dei ikkje gjetta.

4.3.2 Russarane

Russisk utgjorde den største språkgruppa med åtte informantar. Ogso dei synte god forståing av idioma i undersøkinga, men resultata varierte meir etter kor mange språk dei var kompetente i; dette diskuterer eg i kapittel 4.4. Svarfordelinga til russarane er vist i tabell 4.

	Rette svar	Feil svar	Totalt
Alle svar	72 %	28 %	100 %
Del svar som var gjetta	31 %	17 %	48 %
Del svar som ikkje var gjetta	31 %	11 %	42 %

Tabell 4: russarane sine samla svar. 10 % oppgav ikkje gjetting.

Spørsmåla som skilde seg mest ut blant russarane, var spørsmål 7, 10 og 12 kor alle svara rett, og spørsmål 13 kor berre éin av åtte svara rett; seks svara at «han vart svikta», medan ein meinte at svaralternativet «han vandra i mørke rom» var rett. På spørsmåla til idiom 1 og 9, som jamt over fekk minst rette svar, svara høvesvis tre og to rett. Ein av russarane svara ikkje på om han gjetta i det heile, men blant dei andre sju var det relativt jamt fordelt med gjetting og ikkje gjetting.

	Rett			Feil		
	Spørsmål	Gjetta ikkje	Gjetta	Totalt ²⁵	Gjetta ikkje	Gjetta
7	63 %	25 %	100 %	-	-	-
10	50 %	38 %	100 %	-	-	-
12	75 %	13 %	100 %	-	-	-

Tabell 5: Russarane sine samla svar på spørsmål 7, 10 og 12.

Idioma frå tabellen over er *vere ute på tynn is*, *brenne alle bruer* og (*leite etter*) *nåla i høystakken*. Desse var idiom som heile denne språkgruppa generelt synte god forståing for, og ein ser ogso at den relativt låge graden av gjetting tyder på at dei var nokso sikre på svara. Den eine informanten i denne gruppa som svara rett på spørsmålet til idiom 13, oppgav at han gjetta; det gjorde ogso 63 prosent av dei som svara feil på same spørsmål.

²⁵ Tala i tabellen går ikkje opp av di ikkje alle informantane oppgav om dei gjetta eller ikkje. Dei manglande prosentane i reknestykket *gjetta ikkje + gjetta = totalt* er altså prosentane som ikkje har oppgjeve gjetting.

Det kan sjå ut som at tal år opphold i Noreg ikkje har hatt stor tyding for forståinga av S2-idioma for desse informantane, då den som hadde vore i landet kortast tid – eitt år – hadde høgast tal rette svar. Dette var likevel informanten som hadde *studert* norsk lengst, med seks år. Informanten som hadde studert norsk kortast tid, eit halvt år, svara rett på spørsmåla til tolv idiom; han hadde budd tre år i Noreg. Den frå denne gruppa som viste därlegast forståing, med 10 rette svar, hadde budd i Noreg i fire år og studert norsk i eitt år. Han svara blankt på fire av spørsmåla. Alle russarane oppgav 2-4 dagar eller kvar dag på spørsmålet om kor ofte dei snakka norsk i kvardagen.

4.3.3 Engelskmennene

	Rette svar	Feil svar	Totalt
Alle svar	63 %	37 %	100 %
Del svar som var gjetta	27 %	18 %	45 %
Del svar som ikkje var gjetta	17 %	-	17 %

Tabell 6: engelskmennene sine samla svar. 38 % oppgav ikkje gjetting.

To av dei tre engelske informantane hadde 13 korrekte svar, den tredje hadde 12 rette. Engelskmennene svara altså rett på 65 og 60 prosent av spørsmåla. Dette er ikkje nødvendigvis eit därleg resultat – men kanskje svakare enn ein kunne forvente på førehand med tanke på ekvivalente idiom i språka. Samanlikna med tyskarane, som svara 86 prosent rett, og russarane, som svara 72 prosent rett, gjorde engelskmennene det svakast. Ingen av dei snakka fleire språk i tillegg til morsmålet sitt og norsk. Ein annan faktor som ser ut til å verke på kor godt deltakarane forstår idioma i undersøkinga, er nettopp kor mange språk dei snakkar. At engelskmennene viste därlegare forståing enn dei to andre språkgruppene, kan ha noko å gjere med at medan dei fleste russarane snakka fleire språk og ingen av tyskarane var eittspråklege og, var alle dei tre engelskmennene nettopp det.

4.3.4 Grekaren

Ein av informantane var frå Hellas, med gresk som morsmål. Han svara at han i tillegg til gresk kan engelsk og fransk, har budd 2 år i Noreg, og lært norsk i 7 månader. Det som overraska meg, var at på spørsmålet om kor ofte han snakkar norsk, oppgav han snakkar «om lag éin gong i veka»– og svara likevel rett på 16 av dei 20 spørsmåla, sjølv om det berre var

tre av dei han ikkje gjetta på. Tidlegare studie (Irujo, 1986, som sitert i Majuri, 2014, s. 29) tyder på at kor ofte ein blir eksponert for eit idiom har mykje å seie for kor godt ein forstår idiomet, av di den figurative tydinga vert meir salient di meir ein vert utsett for situasjonar kor den er den rette tolkinga. Er denne informanten eit «motdøme» til denne teorien?

4.4 S1-påverknad og fleire språk

Eitt av trekka som utmerka seg frå resultata av undersøkinga, var som nemnd at det verka som at dei fleirspråklege informantane forstod dei norske idioma betre enn dei eittspråklege informantane. Likevel var det skilnad på kor godt dei ulike språkgruppene syntest å forstå dei norske idioma, uansett om informantane var fleirspråklege eller ikkje.

Ei undersøking av innlærarar av engelsk som framandspråk indikerte at dei fleirspråklege innlærarane, med russisk som S1 og hebraisk som S2, viste betre engelskkompetanse enn dei eittspråklege hebraiske innlærarane (Abu-Rabia og Sanitsky, 2010). Ifølgje Watson *et al.* (2016) er det solide bevis på at eittspråklege som lærer sine S2 ofte er ugunstig stilt samanlikna med tospråklege som lærer eit tredjespråk (eller trespråklege som lærer eit fjerdespråk osv.). Dei meiner at ein av årsakene til dette kan vere at fleirspråklege har betre metalingvistisk kompetanse enn eittspråklege. Sjølv om desse studiane tek føre seg generelt vokabular og tileigninga av den syntaktiske strukturen, kan ein tenkje seg at dette også gjeld for figurativt språk, sidan kompetanse i fleire språk aukar sannsynet for at ein har kjennskap til fleire idiomatiske uttrykk. Som også Cieslicka (2015) nemner tyr S2-innlærarar til S1 når dei skal tyde og lære nye idiomatiske uttrykk. Sjølv om dei idiomatiske uttrykka ikkje er like i S1 og S2, kan eit idiom i S3 vere likt eit idiom i *anten* S1 eller S2, og ein har dermed fleire idiom som kan gjere nytte for den parasittiske strategien. Difor er det valid å anta at di fleire språk ein kan, di fleire ulike idiomatiske uttrykk²⁶ kjenner ein til, og ein kan såleis rekne med at ein større del av dei nye idioma i språket ein lærer har ekvivalente idiom i dei tidlegare tileigna språka. Fleirspråklegheita til tyskarane og dei av russarane som anten kunne kviterussisk eller engelsk i tillegg kan dermed ha hjelpt dei i tolkinga av idioma, samstundes som at monolingvalismen til engelskmennene hindra dei i å forstå fleire av idioma.

²⁶ Med ulike uttrykk meiner eg både idiom som uttrykker same konsept, men som er leksikalsk ulike, og idiom som er leksikalsk like men som uttrykker ulike konsept.

Tysk/sveitsisk, engelsk og nederlandske representerte dei germanske språka med høvesvis seks, tre og to informantar. Blant desse viste særskild tyskarane og sveitsaren god forståing, som ein såg i kapittel 4.3.1 ovanfor. Engelskmennene hadde eit noko dårlegare resultat. Nederlendarane viste også god forståing av idioma med 16 og 17 rette svar. Tre informantar med vietnamesisk som S1 representerte mon-khmer-språka²⁷; dei synte ulik grad av forståing med 10, 15 og 17 rette svar. Det var også tre informantar med kinesisk som S1; dei svara rett på 9, 9, og 16 av spørsmåla i spørjeundersøkinga.

Alle informantane med tysk som S1²⁸ oppgav at dei kunne fleire språk enn morsmålet sitt. Sveitsaren oppgav engelsk som tilleggsspråk, medan fire av fem tyskarar oppgav at dei kunne engelsk i ein kombinasjon med spansk eller fransk. Den siste tyskaren oppgav engelsk, fransk, spansk og svensk som tilleggsspråk. Av språkgruppene som bestod av fleire enn to informantar, var tyskarane den einaste gruppa kor alle informantane oppgav eit svar på absolutt alle spørsmåla i undersøkinga. Både nederlendarane oppgav både engelsk og tysk som tilleggsspråk; engelskmennene oppgav som nemnd ingen tilleggsspråk. Dei tre kinesarane og dei tre vietnamesarane oppgav alle engelsk som tilleggsspråk.

Medan alle språkbrukarane i dei ovannemnde gruppene – med unntak av engelskmennene – var fleirspråklege, og det altså var samsvar mellom kva for gruppe dei hørerde til og om dei var fleirspråklege eller ikkje, var det annleis hjå russarane. Russisk utgjorde den største S1-gruppa blant informantane med åtte representantar. To av dei oppgav både russisk og kviterussisk som morsmål, ein av desse kunne også engelsk. Av dei resterande seks med berre russisk som morsmål, oppgav tre av dei engelsk som tilleggsspråk, medan dei siste tre ikkje kunne noko språk i tillegg til morsmålet og norsk. Informantane med russisk som S1 viste i varierande grad god forståing av idioma i spørjeskjemaet. Dei to med både russisk og kviterussisk som morsmål hadde 16 og 17 rette svar, dei tre med russisk og engelsk hadde 15, 15 og 18 rette svar, medan dei som berre snakka russisk hadde 10, 12 og 12 av 20 rette svar. I denne språkgruppa kom det dermed tydeleg fram at dei bilingvale språkbrukarane gjorde det sterkest.

Grekaren som deltok i undersøkinga overraska med ein stor del rette svar til tross for kort studietid og lite frekvent bruk av norsk utanom norskkurset. Han hadde vore i Noreg i to år, men viss resultata frå russarane kan generaliserast, så har ikkje opphaldstida mykje å seie – i alle fall så framt ein ikkje nyttar språket i kvardagen. Sidan grekaren ikkje har studert norsk

²⁷ Mon-khmer-språk er ei grein av den austroasiatiske språkfamilien.

²⁸ I tysk reknar eg her også med sveitsisk av di denne informanten oppgav sveitsartysk som sitt morsmål, og dette reknast som ei dialekt av tysk med liten lingvistisk avstand.

særskild lenge, og heller ikkje snakkar norsk ofte i kvarldagen i dei 2 åra han har vore i Noreg, skulle ein tru at han var lite eksponert for idiom i norsk. Så det kan sjå ut som at fleirspråklegheita med engelsk og fransk har hatt innverknad her òg. Engelsk har som kjend ein del uttrykk felles med norsk, så viss grekaren kjenner ein del uttrykk i engelsk kan han gjennom den parasittiske strategien ha overført tydinga frå dei engelske uttrykka til dei norske. Likevel, viss det var mellom anna dei engelske ekvivalentane som han støtta seg til og som gjorde at han skjøna såpass mange idiom, skulle ein tru at dei engelske språkbrukarane også ville gjere det betre. No hadde han i tillegg både greske og franske idiom som kunne utgjere grunnlaget for t.d. den parasittiske strategien, så det kan vere ein kombinasjon av desse som gjorde han i stand til å forstå dei norske idioma såpass godt. I og med at det var berre ein informant med gresk som S1 som deltok i denne studien, er det ingen med likt utgangspunkt å samanlikne han med her. Så det kan hende at akkurat denne grekaren anten interesserte seg for språk eller studerte språk og på den måten hadde ein større metalingvistisk kompetanse; ein annan grekar med dei same føresetnadane kva angår oppholdstid, studielengde og fleirspråklegheit kunne ha fått eit heilt anna resultat.

Sjølv om det ikkje var fleire grekararar å samanlikne, var det i mellomtid ein informant som hadde likt resultat som grekaren, og ein god del til felles kva gjeld studietid, oppholdstid og tal tilleggsspråk. Dette var ein ungarsk informant – den einaste med dette språket i studien. Ungararen og grekaren hadde om lag lik lang utdanning og tilnærma like lang oppholdstid i Noreg. Derimot hadde ungararen studert norsk i over dobbelt så lang tid som det grekaren hadde, og oppgav at han snakka norsk opp til fire gongar i veka i kvarldagen – i motsetnad til grekaren som berre snakka norsk ein gong veka utanfor studiet. Ogso ungararen hadde engelsk som tilleggsspråk, men der grekaren kunne fransk, kunne ungararen italiensk.

4.5 Svar og variablar

I spørjeskjemaet bad eg som nemnd om ulik bakgrunnsinformasjon. I kapitla over har eg diskutert dei ulike trekka som skilde seg ut, og no skal eg ta føre meg dei andre variablane som bakgrunnsinformasjonen til informantane gav for å søkje å gje ei forklaring for resultata. Det inkluderer svar på spørsmålet om studietid, oppholdstid i Noreg og kor mykje litteratur dei las på norsk. Først kjem i mellomtid er utgreiing av dei svara som informantane formulerte sjølv for tydinga av idioma, av korleis informantane svara på spørsmåla om dei

gjetta eller ikkje då dei kryssa av for kva idioma tydde og dei tilfella kor informantane unnlét å svare på spørsmål.

4.5.1 Eigenformulerte tolkingar

Nokre informantar forsøkte også å fylle ut felt d) – føltet kor dei kunne skrive ei forklaring på idiomet sjølv, viss dei meinte at forklaringa mangla mellom dei andre tre alternativa – i staden for å setje ring. Alle idioma med unntak av 4, 7, 14, 17 og 19 var forsøkt forklart minst éin gong av S2-informantane²⁹.

I kapittel 3.4 nemnde eg vurderingskriteria eg sette opp for å avgjere om dei eigenformulerte tolkingane informantane kom med var rett, eller «rett nok.» Det første kriteriet var at tolkinga måtte innehalde element av den rette tydinga. Dette var det fleire døme på, særskild fekk *brenne alle bruer* og *finne nåla i høystkanken* tolkingar som fall innanfor dette kriteriet. Ein informant skreiv at *mellom barken og veden* var det same som *between a rock and a hard place*, og sidan dette er den engelske ekvivalenten vurderte eg svaret som riktig. Å integrere idiomet i ein kontekst var det mest kontrollinformantar som nytta seg av. Det dukka opp eit alternativ til som gjorde at eg vurderte nokre tolkingar som rette: nokre informantar først hadde først ringa rundt rett alternativ, for så å endre til eiga tolking som kanskje ikkje var heilt rett. Det var typisk at viss ein informant gjorde det, så skreiv han også ein kommentar på at han ikkje skjøna alternativa, gjerne grunna eitt ord – t.d. «fatt» frå idiom 4 eller «snytt» frå idiom.

Av spørsmåla som fekk eigne tolkingar, vurderte eg forklaringar av idiom 2, 10, 12, 15 og 16 som rette – t.d. at «han brøyt kontakten med alle han kjende frå før» til *brenne alle bruer*. Sjølv om ikkje alle informantane definerte idioma nøyaktig slik som definisjonane til Vannebo, Skår eller Hegge, viste dei at dei forstod kva desse idioma ville seie. På den andre sida fekk idiom 1, 5, 8, 9, 13 og 16 forklaringar eg vurderte som ikkje rett, eller ikkje «rette nok» til at eg rekna dei som rette svar – t.d. at «det gjorde at ho såg at det er mykje verre med sjokoladeavhengigheit enn ho trudde» til idiom 18. Til ikkje-korrekte svar rekna eg også uklåre svar, altså svar som ikkje var forklarande nok til at tydinga til idiomet kom fram – t.d. at «den inkluderte ting som gjorde besteforeldrane flauge» til idiom 1. Vedlegg 8 og vedlegg 9 syner tolkingane til S2-informantane og kontrollinformantane, høvesvis.

Sjølv om det ikkje var ein stor del av svara som vart gjeve i felt d), innebar det ein ikkje alltid like enkel vurderingsprosess for om tolkingane var rette eller ikkje. Enkelte av

²⁹ Sjå vedlegg 1 for kva idiom det gjeld.

fritolkingane var det ikkje noko problem å vurdere som anten rett eller feil. Døme på ei rett fritolking er av *kjøpe katta i sekken*, kor ein informant skreiv at «han trudde bilen var betre enn den var». Eit døme på feiltolking er av *kaste perler for svin*, som ein informant meinte at tydde at «dei [elevane] leste berre det som var viktig; læreren gav dei noko dei ikkje trengte». Det kan verke som om informanten her har tyda det «baklengs», og prøvd å tolke idiomet ved hjelp av sunn fornuft, noko som ikkje vart rett. Uklåre svar, som det siste dømet, var vanskelege å vurdere av di eg ofte skjøna kva dei meinte, men at tydinga til sjølve idiomet ikkje alltid kom godt nok fram til at det vart «rett nok».

Fleire gongar vart det vanskelegare å avgjere om tolkinga deira var rett eller feil. Ei tolking for *kjøpe katta i sekken* var at «han følte seg svikta». Dette er ikkje den direkte tydinga av idiomet, då det er meir at ein blir svindla – ein kjøper ein ting, men vert lura og får noko anna enn det ein skulle. Likevel er det ikkje heilt feil heller; når ein blir lurt og snytt blir ein òg på ein måte svikta i tiltrua ein hadde til den ein gjorde handelen eller avtalen med. Det kan hende at informanten her prøvde å bruke eit alternativt ord til «snytt», viss han ikkje forstod dette ordet. Ein informant skreiv til *teke på kornet* i spørsmål 1 at «den var morsom fordi den gjorde vitser av jubilantene». Her kan det sjå ut som at informanten har forstått at parodien var morosam – sidan alle lo – men kanskje ikkje heilt kvifor den var det. Vits og parodi er ikkje heilt det same, då for at ein parodi skal vere morosam, må ein nesten vite noko om det han parodierer. Det same gjeld tolkinga gjort av ein informant eg nemnde over her, at besteforeldrane vart flaue av parodien. Det er ikkje umogleg at besteforeldrane vart brydde av ein treffande parodi – ein parodi gjer med ulike verkemiddel narr av dei han parodierer – men tydinga av å *ta nokon på kornet* er ikkje å gjere dei flaue. Sidan dette idiomet var eitt av dei som fekk flest feiltolkingar – både hjå dei som prøvde å tolke sjølv, og dei som ringa rundt eit alternativ – tyder det på at språkbrukarane er sensitive for konteksten, og at denne styrar over andre signal eller leietrådar språkbrukarar bruker for å tolke figurativt språk, noko diskusjonen av idiom 1 og 9 over ogso synte.

4.5.2 Gjetting og ikkje-svar

Når det gjeld feltet for om dei gjetta eller ikkje, var det ein del variasjon for om dei i det heile tatt svara på det. Dei som innimellan ikkje svara, kan ha vore usikker på om dei gjetta eller ikkje, eller på kva dei skulle setje ring rundt for ein viss grad av gjetting – eller dei kan ha

gløymd å setje ring. På totalt 81 prosent av dei 940³⁰ svara frå undersøkinga hadde informantane oppgjeve om dei gjetta eller ikkje. Totalt 45 prosent av dei rette svara stod som «ikkje gjetta», medan 41 prosent var merka med «gjetta». For svara som ikkje var rett, stod 52 prosent som «gjetta» og 20 prosent som «ikkje gjetta». Av den totale mengda svar, 940, var det oppgjeve «ikkje gjetta» på 34 prosent av spørsmåla, «gjetta» på 47 prosent. Dette tyder på at informantane generelt meinte at dei i stor grad var usikre på svara og difor måtte gjette. Likevel var det mykje større skilnad på om dei gjetta eller ikkje hjå dei som svara feil enn hjå dei som svara rett. Hjå dei som svara rett oppgav om lag like mange at dei gjetta som at dei ikkje gjetta, medan ein mykje større del oppgav at dei gjetta enn at dei ikkje gjetta blant dei som svara feil. Det ser altså ut til å vere eit samsvar mellom gjetting og feil; når ein ikkje veit, så gjettar ein, med den risikoen at det ikkje vert rett svar.

Min påstand er at når informantane ikkje har gjetta, så har dei resonnert seg fram til eit svar ved hjelp av ulike strategiar. Når resonnementa leidde til feil svar, har strategiane informantane nytta seg av vore utlistrekkelege. Det kan også vere at dei som svara feil leit på feil strategi. Feil strategi kan vere ein mislukka parasittisk strategi, jf. *Competition Model*, der det ikkje fanst noko ekvivalent idiom i S1, eller andre S2 informantane hadde, med liten nok semantisk avstand til at den parasittiske strategien var til hjelp i tolkinga av idiomet. Jf. *Idiom Diffusion Model of Second Languages* kan hypotesar om tydingar frå føreseiningstrinnet ha vorte ikkje-stadfesta i rekonstrueringstrinnet. Sidan alle idioma i undersøkinga hadde ein kontekst til seg, trong ikkje informantane å lite berre på den bokstavelege analysen av komponentane. Viss S2-idiomet var på post-leksikalsk nivå, må informantane ha lite fullt og heilt på konteksten og den bokstavelege tolkinga – noko som ikkje vil gje ei vellukka figurativ tolking viss idiomet er ikkje-komposisjonelt. Eit av svaralternativa var, som nemnd tidlegare, skrive slik at det kunne verke rett ut frå konteksten til idiomet. Ei slik tolking er likevel ikkje rett for alle situasjonar.

Elleve informantar unnlét å svare på spørsmål, sjølv om det både sto på informasjonsdelen av skjemaet og eg munnleg bad informantane om å svare noko sjølv om dei ikkje var sikre på svaret. Det varierte mange spørsmål kvar av informantane ikkje svara på, frå eitt til ni spørsmål. Ein del av dei som ikkje svara på fleire av spørsmåla hoppa gjerne over fleire – opp til seks – på rad. Årsaka til kan vere at undersøkinga vart for lang og dermed tok for lang tid, eller det kan vere andre årsaker. Ein informant svara ikkje på spørsmål 13-18, men på 19 og 20 på siste side. Ein med sju ikkje-svar «hoppa spreidd over» spørsmål, så det

³⁰ 47 informantar som svara på 20 spørsmål kvar

kan tyde på at han heller lét vere å svare enn å gjette når han var usikker. Han svara ikkje i det heile på om han gjetta eller ikkje, men av dei tretten han svara på, var tolv rette. Den med flest ikkje-svar, ni stykk, svara ikkje på dei siste åtte spørsmåla. Sidan nesten alle spørsmål som han ikkje svara på var på dei tre siste sidene, er det truleg at han synest spørjeskjemaet vart for langt og tok for lang tid å kome igjennom. Heile seksten av spørsmåla hadde eitt til seks ikkje-svar, som til saman utgjorde fem prosent av den totale delen svar. spørsmåla informantane ikkje svara på var til idiom 1, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19 og 20³¹. Vedlegg 7 syner kva fordelinga av ikkje-svar til dei ulike idioma. Det var altså berre idiom 2, 3, 4 og 5 som ingen unnlét å svare på.

4.5.3 Input frå litteraturen

Idiom frekventerer både i munnleg og skriftleg språk (Majuri, 2014, s. 70). I si masteroppgåve hadde Finnøy (2012) ein hypotese om at jenter forstår idiom betre enn gutter, basert på ei undersøking av Rudlang (1998) som viste at jenter las meir enn gutter. Ho grunngav denne hypotesen med den generelle oppfatninga av at lesing gjev større ordforråd, også i form av språklege uttrykk (Finnøy 2012, s. 6). Finnøy fann i mellomtid ut at skilnaden på forståinga av idiom hjå gutter og jenter var liten, men at gutane var sikrare i sine svar – altså, dei oppgav at dei gjetta i mindre grad enn jentene gjorde. I artikkelen skreiv Rudlang (1998) om at jenter les fleire *bøker* enn gutter, så Finnøy foreslo forklaringa at avisartiklar og anna litteratur truleg gjev eit like så stort bidrag når det gjeld å tilegne seg idiom som *bøker*. Spørsmålet om kor mykje informantane les innlemma eg difor i spørjeskjemaet til den siste gruppa med informantar.

I og med det høge utdanningsnivået hjå informantane, er det naturleg å anta at dei har lese/les ein god del på sitt eige S1, og kanskje også på andre språk dei kjenner seg tryggare i enn norsk. Dette kan då gjere at dei kjenner att ein del uttrykk, sjølv om dei ikkje er ord-for-ord-omsette, frå andre språk, noko som igjen kan føre til at dei kan greie å tolke idiom også på norsk. Sidan fleire av idioma i undersøkinga har ekvivalentar – ofte også ord-for-ord-omsetjingar – er det ifølgje den parasittiske hypotesen truleg at informantane gjekk omvegen om S1 – eller andre S2 – kor dei omsette uttrykket ord for ord og sokja i det mentale leksikonet for å finne det nærmast korresponderande S1-idiomet. Viss det fanst ein S1-ekvivalent, ville innlærarane overføre S2-idiomet direkte til S1-konseptet og på den måten forstå og lære gjennom den parasittiske strategien (jf. Cieślicka, 2015).

³¹ Sjå vedlegg 1 for kva idiom dette gjeld,

Dette kan likevel slå begge vegar. Ein av dei russiske informantane kommenterte på spørsmål 13, med idiomet *ført bak lyset*, at det er eit uttrykk dei har også i russisk. Han svara «nei» på om han gjetta, men ringa likevel rundt svaralternativet «at han ble sviktet» - som ikkje er korrekt på norsk. Igjen kan konteksten³² ha spelt inn i tolkinga. Viss nokon ein er glad i lurer ein på same måte som i konteksten i spørsmål 13, er det ikkje urimeleg å kjenne seg svikta. Sjølv om informanten skreiv at dei har det same idiomet i russisk, kan same uttrykk som lyder likt ha ulik tyding på forskjellige språk – t.d. seier ein franskman at han har «vind i segla», når ein nordmann ville ha sagt at han va «påsegla»; på norsk brukar ein ikkje *å ha vind i segla* slik (Erichsen, 1977). Ord som ein skriv tilnærma likt på to språk, men som har heilt eller delvis ulik tyding, kallar ein som nemnd for «falske vener» (Wibe, 2010). Ifølgje dømet eg nemnde over her og den russiske informanten som kommenterte at dei har *bli ført bak lyset* på russisk, men som likevel oppgav ei anna tyding enn den ein brukar på norsk, ser det ut som at slike falske vener også eksisterer blant idiom. Ogso uttrykk som lyder likt, men som har ulik tyding, kan forklare misforståingar som skjer mellom ein S1-brukar og ein S2-innlærar av språket. At russaren var sikker i si sak når det gjaldt tydinga av det norske idiomet, kan også forklara med Berggreen og Tenfjord (2009) sin påstand om at S2-innlærarar ofte har færre ord i vokabularet sitt enn kva S1-brukarar har. Kvart må ord dermed dekke eit større tydingsfelt; ordet «svikta» kan altså ha fått ei breiare tyding hjå denne informanten, slik at det også omfattar den norske tydinga av *bli ført bak lyset*. Dermed er det mogleg at det russiske og norske idiomet faktisk tyder det same, men at den russiske informanten ikkje hadde breitt og nyansert nok vokabular til å uttrykke det korrekt på norsk.

Sidan dei to føregåande gruppene hadde så pass høg del korrekte svar ønska eg å vite om lesing kunne vere ein medverkande faktor til kor godt dei forstod idioma. Til den tredje gruppa med informantar innlemma eg difor spørsmålet om kor mykje skjønnlitteratur dei las i løpet av ein månad. Det viste seg derimot at svært få av informantane – i denne gruppa – las skjønnlitteratur på norsk. Medan nokre få oppgav at dei las «eitt» eller «0-2» verk i månaden, eller «2-4 bøker i året», skreiv dei fleste «0» eller «ingen» på det feltet. Kva for litteratur dei las, oppgav dei ikkje – det var heller ikkje ein del av spørsmålet – og altså kan det vere alt frå romanar til lyrikk dei les. Viss dette er norma blant innlærarar, vil det seie at i underkant av 45 prosent les litteratur på norsk. Ein skulle då, ut frå undersøkingar som viser at å lese gjev betre ordforråd, tru at forståinga av figurative uttrykk – som idiom – var dårlegare enn resultata viser. Likevel kan det hende at dei les avisartiklar, fagartiklar, tidsskrift ol., og har

³² Sjå vedlegg 1 for konteksten.

fått input derifrå, som Finnøy (2012) foreslo. Det var heller ikkje noko som skilde seg ut i svara til gruppe tre – det vil seie at dei same tendensane frå dei førre gruppene gjekk igjen, og det er dermed grunn til å tru at gruppene i gjennomsnitt las omrent like mykje. Sjølv om dei ikkje les så mykje skjønnlitteratur på norsk, er det likevel mogleg at dei les ein del på morsmålet, eller andre språk dei kan, og kan såleis vere eksponerte for idiom i tekst sjølv om desse ikkje er på norsk. Dermed kan dei vere vande med å sjå idiom og tolke dei i tekst, noko som igjen vil gjere dei betre rusta til å tolke skriftlege idiom ogso på andre språk, i dette tilfellet norsk.

4.5.4 Studietid og opphaldstid

Det verka som om informantane si forståing av idiomene var ein var ein funksjon av S1, opphaldstid og læretid³³. Informantane med S1 som hadde stor lingvistisk avstand – altså den strukturelle skilnaden – frå norsk, verka som at trengte meir læretid eller eit lengre opphald i Noreg for å få same forståing av dei norske idiomene som informantar med S1 med mindre lingvistisk avstand; t.d. kinesisk i forhold til tysk. Som nemnd oppgav alle kinesarane engelsk som S2, og dei hadde 9, 9 og 16 rette svar i undersøkinga. Kinesarane hadde opphalde seg i Noreg frå fire og eit halvt år til sju år, og studert norsk i eitt til to år. Dei vietnamesiske informantane hadde same tendensar som kinesarane: Dei oppgav òg engelsk som S2, og av svara dei oppgav i spørjeskjemaet var 10, 15 og 17 rette. Desse informantane hadde vore i Noreg frå tre til sju år og studert norsk i eitt til tre år. Til samanlikning var lengste opphaldstid i Noreg blant tyskarane eitt og eit halvt år, og dei hadde studert norsk i opp til to år. Likevel svara tre av seks tyskarar rett på spørsmål til 18 idiom. Det kan altså sjå ut som at avstanden mellom informantane sitt S1 og norsk spelar ei rolle for forståinga deira av dei norske idiomene.

Ellis (1994, s. 207) trekker fram etnisk identitet som faktor i S2-læring. Eit nøkkelkonsept er avstanden mellom kulturane som det innfødde språket og målspråket høyrer heime i, med den ideen at S2 vert vanskelegare å lære di større avstand det er mellom dei to kulturane. Ellis (1994) viser til ei undersøking gjort av Svanes (1988) med S2-innlærarar av norsk. Innlærarane var delt i tre grupper ut frå bakgrunn: frå Europa og Amerika, som altså delte den felles vestlege kulturen; frå Midtausten og Afrika, som hadde kontakt med den vestlege kulturen; frå Asia, som var den «fjerne» gruppa. Det viste seg at det var eit klart forhold mellom kulturavstand og S2-oppnåing, med dei europeiske og amerikanske

³³ Kor lang tid informantane hadde studert norsk og budd i Noreg, varierte på same måte som kva for S1 og eventuelle S2 dei hadde.

innlærarane som dei som oppnådde best resultat og dei asiatiske innlærarane som dei som oppnådde dei därlegaste. Sidan både vietnamesisk og kinesisk er språk som talast i Aust- og Søraust-Asia, kjem både under den «fjerne» gruppa i undersøkinga av Svanes. Dette kan dermed forklare kvifor informantane med desse morsmåla trong lengre tid for å forstå dei norske idioma enn informantar som har den felles vestlege kulturen, t.d. dei med tysk og nederlandsk morsmål. Kinesaren med 16 rette svar i undersøkinga hadde vore i Noreg i sju år og studert norsk i eitt år. Vietnamesaren med 17 rette svar hadde ei opphaldstid i Noreg på seks år, og hadde studert norsk i tre år. Ellis understreker likevel at ein ikkje kan vite om det er den kulturelle eller lingvistiske avstanden som var årsaka til ulikskapane i resultat. Likevel har *haldninga* til S2-kulturen noko å seie. Innlærarar med ei positiv haldning til S2-kulturen har større sannsyn for å oppnå høg kompetanse i S2 enn innlærarar som har ei negativ haldning til S2-kulturen (Ellis, 1994, s. 208). Lambert (1974, som sitert i Ellis, 1994, s. 208) kallar førstnemnde for *additiv bilingvalisme* medan sistnemnde vert kalla *monolingvalisme*³⁴.

Det ser heller ikkje ut som at korkje ein kulturell eller lingvistisk avstand har alt seie for korleis ein S2-innlærar si forståing av S2-idiom er. Som diskutert over verka det som at fleirspråklege innlærarar hadde ein fordel over eittspråklege informantar under innlæringa av eit nytt språk. I samanlikninga av tyskarane, vietnamesarane og kinesarane kom tyskarane best ut. Samanliknar ein vietnamesarane og kinesarane med engelskmennene, er derimot ikkje skilnaden like stor – og det trass i at engelskmennene har kortare avstand både kulturelt og lingvistisk til norsk enn det dei asiatiske gruppene har. Engelskmennene hadde som nemnd 12 og 13 rette svar, og kom såleis därlegare ut enn informantar frå både vietnamesisk og kinesisk gruppe. Ein variabel verdt å nemne også for engelskmennene, er opphaldstida og tida dei har studert norsk; ingen av dei er særskild lange – opp til to og eit halvt år og eitt år, høvesvis, noko som kan forklare det relativt svake resultata deira. Det kjem såleis tydeleg fram at det er mange variablar som verkar inn for kor godt dei ulike informantane evna å tolke dei norske idioma.

³⁴ Monolingvalisme vert i Ellis (1994, s. 208) definert som «failure to acquire the L2», men refererer vanlegvis til språkbrukarar eller språksamfunn som kan og bruker berre eitt språk – deira S1.

Konklusjon

Idiom er halde for å vere ein viktig del av språket sidan dei er å finne over alt i både skrive og talt språk. Medan det verkar som om morsmålsbrukarar av eit språk forstår idiom utan mykje strev, byr desse uttrykka gjerne på problem for andrespråksbrukarar sidan idioma ofte ikkje tyder det dei bokstaveleg seier. Denne dobbeltnaturen til idiom gjer dei til veldig komplekse

Målet med denne studien var å undersøke forståinga som andrespråksinnlærarar av norsk har av norske idiom. Förtisju S2-innlærarar av norsk svara på eit spørjeskjema med tjue idiom presentert i ein kontekst, kor dei skulle krysse av for kva dei meinte idioma tydde. Dei hadde også som alternativ at dei kunne skrive si eiga tolking av uttrykka viss dei meinte at den rette tydinga ikkje var blant svaralternativa, noko fleire av informantane nytta seg av. Resultata frå studien impliserer at S2-innlærarane har relativt god forståing av norske idiom, då 66 prosent av svara dei gav var rette. I mellomtid var det også høg grad av oppgjeve gjetting, noko som indikerer at informantane – sjølv om dei tydelegvis ofte resonerte seg fram til rett svar – var usikre på om svara var rette.

Ei gruppe på førtiseks studentar med norsk som S1 tente som kontrollgruppe. Resultata frå kontrollundersøkinga nytta eg til å diskutere S2-informantane si forståing sett mot forståinga til morsmålsbrukarar. I tillegg gav kontrollundersøkinga ein peikepinn på sannsynet for at S2-innlærarane møter idioma i språksamfunnet.

Eg bad om opplysingar om språkleg bakgrunn: S1 og eventuelle S2; kor lenge dei hadde budd i Noreg, kor lenge dei hadde studert norsk, og kor ofte dei snakka norsk i kvardagen utanfor klasserommet; kor mange år utdanning dei hadde. Med tjuesju ulike S1 vart det vanskeleg å generalisere, men med åtte russarar og seks tyskarar var det to relativt store grupper med samanliknbare informantar som gjorde at det vart mogleg å trekke nokre tentative konklusjonar.

Bakgrunnsopplysingane eg bad om bidrog til å kaste lys over noko av det som kan verke inn for kor godt innlærarane forstod dei norske idioma. For det første tyder gruppa med russarar på at fleirspråklegheit spelar ei rolle for kor god forståing innlærarane har av S2-idiom. Alle informantane i undersøkinga hadde fleire års utdanning, så eg fann ikkje noko

teikn på at den hadde noko å seie – kan hende hadde det gjeve utslag viss nokon av dei ikkje hadde like langt studieløp. Opphaldstid i Noreg såg ut til å ha mest å seie for informantar som hadde S1 med stor avstand til norsk. Likevel var det lengda på norskstudia som såg ut til å ha mest å seie, då resultatet hjå informantane i relativt stor grad såg ut til å samsvare med kor lenge dei hadde studert norsk. Dette såg i mellomtid ikkje alltid ut til å stemme – med tanke på grekaren som trass i kort studietid hadde eit nokso høgt resultat; eg samanlikna han med ungararen, som hadde likt resultat, men som hadde studert norsk omrent dobbelt lenge. I tillegg såg som nemnd fleirspråklegheita ut til å spele ei stor rolle; dei russarane som anten oppgav to morsmål – då russisk og kviterussisk – eller at dei tala andre språk enn morsmålet sitt og norsk, hadde merkbart betre resultat på undersøkinga enn dei som ikkje tala andre språk enn eitt morsmål og norsk. Det same resultatet kunne ein ane hjå tyskarane, men i denne gruppa var ingen monolingvale frå før. Ei samanlikning av tyskarane med engelskmennene tyda på same tendens som hjå russarane; alle dei tre engelskmennene var monolingvale, og synte ei noko svakare forståing av idioma enn alle tyskarane. Ifølgje teoriane til Cieślicka (2015) om rolla som S1 speler når ein prosesserer eit S2-idiom, skulle ein tru at sidan engelsk på same måte som tysk har mange ekvivalente idiom som i norsk, at engelskmennene i større grad kunne nytte seg av den parasittiske metoden. Dette ser ikkje ut til å vere tilfellet, i alle fall ikkje heilt. Alternativt har kanskje ikkje engelsk og norsk like mange idiom felles som truudd på førehand.

Eg hadde også to hypotesar som eg søkte å finne svar på; nemleg at transparente idiom er lettare for innlærarane å tyde enn opake idiom, og at innlærarane i stor grad set sin lit til konteksten når dei skal tyde idioma. Den første hypotesen vart stadfesta; dei transparente idioma hadde høgare grad av rette svar enn dei opake idioma. Eg såg samstundes ein samanheng mellom graden av transparentheit og om idioma var biologiske eller kulturelle, og kor godt informantane forstod uttrykkja; som Vulchanova, Vulchanov og Sankova (2011) føresa, var det dei biologiske idioma innlærarane forstod best.

Den andre hypotesen, at innlærarane lit på konteksten når dei skal tyde idioma, såg også ut til å stemme. Konteksten gjev høve til å kunne resonnere seg fram til kva idioma tyder, sjølv om innlærarane i utgangspunktet ikkje forstår tydinga. Viss eit ukjend idiom er ikkje-komposisjonelt og/eller opakt, er det lite hjelpe i å prøve å tolke dei ut frå dei enkelte komponentane; viss det norske idiomet i tillegg ikkje har ein lingvistisk ekvivalent i innlæraren sitt S1, eller det ekvivalente idiomet er på post-leksikalsk nivå, vil det vere nærliggjande å ty til konteksten. Det såg også ut til at konteksten av og til overkøyrd andre

strategiar slik at resultatet vart feil. Dette såg særskild ut til å gjelde idiom 1 og 9 – *ta noko/nokon på kornet* og *sitje/stå med skjegget i postkassa*. Idiom 1 er gammalt og finst visstnok i fleire språk, men er ifølgje Skår (2008) utrydningstrua i norsk. Viss statusen er den same i andre språk har kanskje ikkje informantane støytt på det så mykje i det heile. Idiom 9 er eit idiom utan direkte ekvivalentar i nokre av dei S1 som var representerte blant informantane. Dermed det kan hende at konteksten ikkje overkøyrd andre strategiar, men at han rett og slett fungerte som einaste støtte til tydinga av idioma då andre strategiar ikkje leidde nokon stad.

